

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 178



JORDBRUKSSTATISTIKK  
1964

AGRICULTURAL STATISTICS  
1964

STATISTISK SENTRALBYRA  
OSLO 1965

## Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

Norway's Official Statistics, series XII

### Rekkje XII

### Prenta 1964

- Nr. 150 Alkoholstatistikk 1963 *Alcohol statistics*
- 151 Folketelling 1960 V Husholdninger og familiekjerner *Population census V Households and family nuclei*
- 152 Utenrikshandel 1963 III *External trade III*
- 153 Telegrafverket 1963 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 154 Skattestatistikk 1962 *Tax statistics*
- 155 Lønnsstatistikk 1963 *Wage statistics*
- 156 Meieribruket i Noreg 1963 *Norway's dairy industry*
- 157 Folketelling 1960 VI Boliger *Population census VI Housing*
- 158 Folketelling 1960 VII Barnetallet i ekteskap *Population census VII Fertility of marriages*
- 159 Skogstatistikk 1961 og 1962 *Forestry statistics*

### Rekkje XII

### Prenta 1965

- Nr. 160 Økonomisk utsyn over året 1964 *Economic survey*
- 161 Elektrisitetsstatistikk 1963 *Electricity statistics*
- 162 Kredittmarkedstatistikk 1963 *Credit market statistics*
- 163 Nasjonalregnskap 1865—1960 *National accounts*
- 164 Samferdselsstatistikk 1963 *Transport and communication statistics*
- 165 Utenrikshandel 1964 I *External trade I*
- 166 Psykiatriske sykehus 1963 *Hospitals for mental disease*
- 167 Syketrygden 1963 *National health insurance*
- 168 Forsikringsselskaper 1963 *Sociétés d'assurances*
- 169 Alders- og yrkesstrukturen i jordbruket. Ein analyse på grunnlag av jordbruksteljingane i 1949 og 1959 *The holders by age and occupational status. An analysis based on the censuses of agriculture*
- 170 Statistisk årbok 1965 *Statistical yearbook of Norway*
- 171 Folkemengdens bevegelse 1963 *Vital statistics and migration statistics*
- 172 Industristatistikk 1963 *Industrial statistics*
- 173 Norges postverk 1964 *Statistique postale*
- 174 Lønnsstatistikk 1964 *Wage statistics*
- 175 Skogstatistikk 1963 *Forestry statistics*
- 176 Telegrafverket 1964 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 177 Utenrikshandel 1964 II *External trade II*
- 178 Jordbruksstatistikk 1964 *Agricultural statistics*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 178



# JORDBRUKSSTATISTIKK 1964

AGRICULTURAL STATISTICS  
1964

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY  
OSLO 1965

## Utkome før

Representativ landbrukstelling 1923 VII 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII 153, 1925 VII 183, 1926 VIII 28, 1927 VIII 39, 1928 VIII 77, 1930 VIII 140, 1931 VIII 166, 1932 VIII 194, 1933 IX 16, 1934 IX 43, 1935 IX 71, 1936 IX 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX 132, 1938 IX 159, 1939—1944 X 99, 1945 X 117, 1946 X 148, 1947 X 161, 1948 X 195, 1949 XI 44, 1950 XI 69, 1951 XI 108, 1952 XI 127, 1953 XI 176, 1954 XI 202, 1955 XI 235, 1956 XI 276, 1957 XI 308, 1958 XI 341, 1959 XII 46, 1960 XII 54, 1961 XII 84, 1962 XII 118, 1963 XII 149.

Jordbrukstelingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. XI 40.

Annnet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI 87.

Fjerde » Oversikt XI 103.

Jordbruksteljinga i Noreg 1959:

Første hefte. Areal, husdyrhald m. m. XII 40.

Andre » Maskinar og reiskapar m. m. XII 53.

Tredje » Eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m. m. XII 79.

Fjerde » Dei naturlige jordbruksområda XII 88.

Femte » Oversyn XII 123.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbruksteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretningar om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemne meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII 98.

» » 1946/47 XI 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX 65.

» » 1936 IX 115.

» » 1946 X 151.

Beitetellingen 1935 IX 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X 183.

Alders- og yrkesstrukturen i jordbruket XII 169.

## **Føreord**

Dette heftet inneheld resultatata frå utvalsteljinga i jordbruket pr. 20. juni 1964. Omframnt dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald, blei det i 1964 også henta inn oppgåver over maskinar i jordbruket, og bruken av dei. Det var og samla opplysningar om bruk som blei borte som særskilde driftseiningar sidan 1959. Resultata av ei gransking av bureisingsbruk i samband med jordbruksteljinga i 1959 er og tekne inn i dette heftet.

I heftet vil ein elles finne dei årlege oppgåver over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, løner i jordbruk og skogbruk, omsetnad og prisar på fast eigedom m. v. Som i tidlegare årgangar av denne publikasjonen, er det også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m. v.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for det meste av arbeidet med publikasjonen. Konsulent Sigurd Lianes har hatt arbeidet med avsnitta VIII og IX.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 5. juli 1965.

**Petter Jakob Bjerve**

---

Norvald Ones

## Preface

This publication contains the results from a sample survey, 20 June 1964. In addition to the statistics on area and livestock, data were this year also collected on agricultural machines and their use. Also included in this publication are the results of a survey of holdings discontinued as separate units since 1959 and the results of an investigation of new settlements carried out in connection with the Census of Agriculture 1959.

This volume further contains statistics on agricultural and horticultural production, livestock at 31 December, controlled slaughtering, milk yield etc. registered at milk-recording societies, wages in agriculture and forestry, sales and prices of real property.

As in previous years this volume also contains a survey of prices of agricultural products and means of production etc.

Mr. Alfred Gustafson has been responsible for the preparation of the greater part of this publication. Mr. Sigurd Lianes has been in charge of the compilation of the statistics to the chapters VIII and IX.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 5 July 1965.

**Petter Jakob Bjerve**

---

Norvald Ones

# Innhald

	Oversyn		Tabellar	
	Side	Nr.	Side	
I. Det statistiske materialet .....	7			
II. Jordbruk og hagebruk .....	8	1—16	32	
1. Jordbruksarealet .....	8	1—5	32	
2. Nydyrking .....	8	6—7	37	
3. Avlingane .....	9	8—16	38	
a. Jordbruket .....	9	8—12	38	
b. Hagebruket .....	10	13—16	46	
III. Husdyrhaldet .....	10	17—36	50	
1. Talet på husdyr .....	10	17—24	50	
2. Husdyrprodukt .....	11	25—36	57	
a. Samla produksjon .....	11	25—26	57	
b. Meieridrifta .....	12	27—29	58	
c. Kjøtkontrollen .....	12	30—32	59	
d. Paringsstatistikken for svin .....	12	33—34	61	
e. Pelsskinn .....	13	35	61	
f. Fjøs kontrollen .....	13	36	62	
IV. Driftsmiddel .....	13	37—43	63	
1. Maskinar og reiskapar .....	13	37—40	63	
2. Kunstgjødsel og kraftfôr .....	14	41—43	64	
V. Arbeidskraft i jordbruket .....	14	44	67	
VI. Prisar, økonomi m. v. ....	15	45—66	67	
1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel .....	15	45—53	67	
2. Rekneskapsresultat i jordbruket .....	16	54—55	71	
3. Jordbrukets totalrekneskap .....	17	56	72	
4. Investeringar, lån, statstilskot .....	17	57—60	72	
5. Løner i jordbruk og skogbruk .....	17	61—62	74	
6. Prisar på faste eigedomar .....	18	63—66	76	
a. Omsetnad av fast eigedom .....	18	63	76	
b. Prisar på eigedomane .....	18	64—66	77	
VII. Maskinar i jordbruket i 1964 og bruken av dei .....	19	67—79	80	
1. Talet på maskinar og reiskapar .....	19	67, 69	80	
2. Traktorane etter drivstoff, motorstyrke og køyretid .....	19	68, 70, 71	81	
3. Traktorane etter alder (fabrikasjonsår) .....	20	72	87	
4. Traktorane etter alder ved kjøp .....	21	73	88	
5. Traktortimar på bruka i 1963 .....	21	74	89	
6. Talet på bruk med og utan maskindrift .....	22	75	90	
7. Areala på bruk med og utan maskindrift. Korn- og potetareal etter storleik .....	22	76—79	91	
VIII. Bruk som blei borte som særskilde driftseiningar 1959—1964 ...	23	80—93	98	
1. Brukseiningar og areal .....	23	80—83	98	
2. Alder og yrkestilhøve .....	24	84—87	103	
3. Diverse oppgåver .....	25	88—90	107	
4. Driftsstyrke .....	25	91	109	
5. Kommunegrupper etter næringsstruktur .....	25	92—93	110	
IX. Bureisingsbruk reist med statsstønad 1921—1936. Jamføring med Jordbruksteljinga 1959 .....	26	94—98	112	
Samandrag på engelsk .....	28			
Vedlegg				
Skjema .....	117			

## Standardteikn

- Null
- .. Oppgåve vantar
- . Tal umogeleg (ulogisk)

## Contents

	General survey Tables		
	Page	No.	Page
I. The statistical material .....	7		
II. Agriculture and horticulture .....	8	1—16	32
1. Agricultural area .....	8	1—5	32
2. Cultivation .....	8	6—7	37
3. Production .....	9	8—16	38
a. Agriculture .....	9	8—12	38
b. Horticulture .....	10	13—16	46
III. Livestock .....	10	17—36	50
1. Number of livestock .....	10	17—24	50
2. Livestock production .....	11	25—36	57
a. Total production .....	11	25—26	57
b. Dairy products .....	12	27—29	58
c. Controlled slaughtering .....	12	30—32	59
d. Covered sows .....	12	33—34	61
e. Fur production .....	13	35	61
f. Milk yield, etc., registered at milk-recording societies .....	13	36	62
IV. Means of production .....	13	37—43	63
1. Machinery and implements .....	13	37—40	63
2. Fertilizers and concentrated feeds .....	14	41—43	64
V. Labour force in agriculture .....	14	44	67
VI. Prices and working results .....	15	45—66	67
1. Prices of agricultural products and means of production .....	15	45—53	67
2. Working results in agriculture .....	16	54—55	71
3. Aggregate account of agriculture .....	17	56	72
4. Investments, loans, subsidies .....	17	57—60	72
5. Wages in agriculture and forestry .....	17	61—62	74
6. Prices of real property .....	18	63—66	76
a. Sales of real property .....	18	63	76
b. Prices of the properties .....	18	64—66	77
VII. Agricultural machinery 1964, and its use .....	19	67—79	80
1. Number of machines and equipment .....	19	67, 69	80
2. Tractors by type of fuel, motive power and hours of operation .....	19	68, 70, 71	81
3. Tractors by age (manufacturing year) .....	20	72	87
4. Tractors by age when purchased .....	21	73	88
5. Tractor hours on the holdings in 1963 .....	21	74	89
6. Number of holdings with and without mechanisation .....	22	75	90
7. Areas on holdings with and without mechanisation. Areas of grain and potatoes by size .....	22	76—79	91
VIII. Holdings discontinued as separate units 1959—1964 .....	23	80—93	98
1. Holdings and areas .....	23	80—83	98
2. Age and occupational status of the holders .....	24	84—87	103
3. Miscellaneous information .....	25	88—90	107
4. Intensity of farming .....	25	91	109
5. Municipality groups by principal economic activity .....	25	92—93	110
IX. Holdings established with State aid 1921—1936. ....	26	94—98	112
Comparison with the Census of Agriculture 1959 .....	26		
English summary .....	28		
Appendix			
Questionnaire .....	117		

### Explanation of Symbols

- Nil
- .. Data not available
- . . Category not applicable



# Oversyn

## I. Det statistiske materialet

Pr. 20. juni 1964 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruket etter liknande retningsliner som i åra 1960—1963.

Teljinga omfatta ca. 20 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Det var 10 prosent av bruka med 5,1—100 dekar og 20 prosent av bruka med meir enn 100 dekar ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959. I utvalet var kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbruksteljinga. Innan kvar bruksklasse var bruka tekne ut tilfeldig. Utvalet som blei nytta i 1964 var det same som i 1960—1963.

Totaltal for areal og husdyrhald i 1964 er rekna ut for dei einskilde fylke på grunnlag av dei relative endringane i areal og husdyrhald frå 1959 til 1964 ved dei undersøkte bruka. Utrekninga gjeld såleis for bruk med over 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk med inntil 5 dekar, med same areal og dyretal som i 1959.

I samband med areal- og husdyrteljinga 20. juni blei det i 1964 henta inn oppgåver over maskinar i jordbruket, og bruken av dei. Det blei også gjennomført ei undersøking over bruk som blei borte som særskilde driftseiningar frå 1959 til 1964. Desse oppgåvene er omtala i særskilde kapittel.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1964 blei halden på same måten som ved førre årsskifte. Denne teljinga omfatta  $\frac{1}{5}$  av kommunane, men elles dei same bruka som ved teljinga 20. juni, i alt nær 4 prosent av bruk med over 5 dekar jordbruksareal. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember er det rekna ut totaltal for husdyrhaldet i heile riket under eitt.

Avlingsstatistikken for jordbruket byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruket byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa.

For husdyrprodukta har Byrået produksjonsteljingar kvart femte år. Árlege oppgåver på eit noko anna grunnlag blir rekna ut av Budsjettnemnda for jordbruket.

Árlege oppgåver over lønene i jordbruk og skogbruk blir innhenta på spørjeskjema, som i januar månad blir sende nokre gardbrukarar i kvar kommune.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdi pr. skyldmark for jordbrukseigedomar byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk frå Byrået og andre institusjonar.

## II. Jordbruk og hagebruk. (Tab. 1—16)

Med fulldyrka jord meiner ein jord som har vore pløgt eller oppbroten til vanleg plogdjupn. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåtter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmark. Frå 1959 er jordbruksarealet rekna som summen av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord. Tidlegare var også utslåttene med.

Produktiv skog etter skogbruksteljinga i 1957 er skog som stettar same minstekrav som Landsskogtakseringen reknar med ved revisjonstakseringane. Tala gjeld berre skogeigedomar med minst 25 dekar produktiv skog og/eller skogreisingsareal.

«Anna areal» er skilnaden mellom samla landareal etter Geografisk oppmåling og jordbruks- og skogarealet. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringen, men seinare revidert i Byrået. «Anna areal» under skoggrensa omfattar såleis hagemark og utslåtter, myr under skoggrensa, uproduktiv mark (impediment) og areal nytta til byggjegrund, vegar, jarnvegar m. v.

Samla landareal utgjør 95,3 prosent og ferskvatn 4,7 prosent av totalarealet.

### 1. Jordbruksarealet. (Tab. 1—5)

Oppgåver over jordbruksarealet og bruken av det blir for kvart år i tidsrommet mellom dei fullstendige jordbruksteljingane samla inn ved utvalsteljingar pr. 20 juni. Frå 1959 gjeld tala både bygder og byar.

Samla kornareal blei utrekna til 2 428 000 dekar i 1964. Dette var 4,5 prosent meir enn året før. Byggarealet auka berre med vel 1 prosent, medan kveitearealet auka med 4 prosent og havrearealet med 19 prosent. Det var nedgang for rug og blandkorn. Arealet av oljevokstrar blei rekna ut for første gong i 1964 og var då nær 35 000 dekar. Det var berre austlandsfylka og Rogaland som hadde oljevokstrar til mogning. Potetarealet var knapt 490 000 dekar i 1964. Dette er 5 prosent mindre enn året før. Arealet av grønsaker på friland gjekk tilbake med om lag 9 prosent, medan arealet av grønfør og rotvokstrar gjekk noko opp.

Samla areal av åker og hage auka med om lag 2 prosent frå året før. Engareala til slått går stadig tilbake, og samstundes ligg ein del av enga unytta. Samla areal av fulldyrka jord var etter teljinga i 1964 noko mindre enn året før. Oppgåvene er usikre, av di det ikkje alltid er klart skilje mellom fulldyrka og ikkje fulldyrka eng, men det meste av nedgangen fell på «eng ikkje nytta». Mykje slik eng er såleis ikkje lenger rekna med til jordbruksarealet.

I samband med maskinteljinga i 1964 er somme areal fordelte etter storleik og bruken av maskinar. Sjå nærare om dette på side 22.

Talet på særskilde bruk med over 5 dekar har gått mykje ned. Om arealet på dei bruka som er blitt borte sidan 1959, sjå side 23.

### 2. Nydyrking. (Tab. 6—7)

Etter teljingane er samla areal av fulldyrka jord auka med om lag 90 000 dekar frå 1959 til 1964. Som nemnt ovanfor er desse oppgåvene noko usikre,

og ein har ikkje beinveges oppgåver over kor mykje fulldyrka jord som årleg går til anna enn jordbruksføremål.

Nydyrkinga med statsstønad auka fram til 1959, då det blei fulldyrka om lag 100 000 dekar. Seinare har nydyrkinga minka, og i 1964 var arealet 45 000 dekar. Overflatedyrking med statsstønad har og gått tilbake, frå 25—30 000 dekar årleg i 1950—1960, til 14 000 dekar i 1964. Det er og gitt stønad til grøfting av tidlegare dyrka jord. Slikt grøfta areal har dei seinaste åra vore mellom 70 000 og 90 000 dekar.

### 3. Avlingane. (Tab. 8—16)

Ved utgangen av kvar månad i tida mai—oktober blir det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvonene for jordbruks- og hagevokstrane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrået reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgåver frå jordstyra, og for hagebruksvokstrane etter oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa (fylkesgartnarane).

Etter meldingane om veksttilhøva kom våren tidleg mange stader, og det var bra vekstvilkår den første tida. Men gjennom heile sommaren var det for det meste kaldt vêr og mykje nedbør, særleg på Vestlandet. Det var frostnetter på utsette stader både i juni, august og september, og det kom tidleg nysnø i fjellet. Dei dårlege vêrtilhøva hadde størst verknad på åkervokstrane.

#### a. Jordbruket. (Tab. 8—12)

Avlingane av korn og erter til mogning blei i alt 630 000 tonn i 1964, eller 31 000 tonn meir enn året før. Avlingane pr. dekar var 260 kg, utrekna til 92 prosent av eit middelsår. Bygget gav 264 kg pr. dekar og i alt 480 000 tonn, havren 241 kg pr. dekar og i alt 125 000 tonn og kveiten 279 kg pr. dekar og i alt 20 000 tonn. Kvaliteten av kornet var gjennomgåande dårlegare enn året før. I dei fleste austlandsfylka og i Nord-Trøndelag var kornavlingane om lag 95 prosent av eit middelsår, men Hedmark, Oppland og Sør-Trøndelag fekk relativt dårlegare avlingar. Særleg Vestlandet og Nordland fekk små kornavlingar i 1964.

Gjennomsnittsavlinga av poteter blei 1 641 kg pr. dekar i 1964, mot 2 358 kg året før. Potetarealet var og mindre enn i 1963, og samla potetavling blei utrekna til 804 000 tonn i 1964 mot 1 218 000 tonn i 1963. Avlinga pr. dekar er utrekna til 69 prosent av eit middelsår i 1964, varierende frå 30—40 prosent i dei tre nordlege vestlandsfylka, til over 90 prosent i Østfold, Akershus og Vestfold. I mange bygder var potetavlingane sterkt reduserte — til dels nesten heilt øydelagde — av frost eller av sterk nedbør. Somme av dei større produsentdistrikta på Austlandet fekk store avlingar av god kvalitet.

Også av rotvokstrar blei avlingane i alt mykje mindre enn året før. Areal var noko større enn i 1963, men samla avling blei 608 000 tonn i 1964, mot 747 000 tonn året før. Avlinga pr. dekar var berre 55 prosent for fôrbetene og 68 prosent for fôrnepe, medan kålrot og fôrmergkål gav vel 80 prosent. Også her var det Austlandet som fekk relativt best avling og Vestlandet den dårlegaste. Avlingane av grønfôr blei 54 000 tonn, om lag som året før. Avlingane pr. dekar var lægre, men arealet noko større enn i 1963.

Gjennomsnittsavlinga av høy i 1964 blei 619 kg pr. dekar fulldyrka slått-

eng og 386 kg pr. dekar natureng og overflatedyrka eng. I 1963 var tala 611 og 383 kg. Arealet av slåtteng var noko mindre enn året før, og samla høv-avling blei utrekna til 2 777 000 tonn, mot 2 837 000 tonn i 1963. Avlinga pr. dekar fulldyrka eng er utrekna til 99 prosent av eit middelsår, og varierte mellom mindre enn 90 i Hordaland og Sogn og Fjordane, til 107 prosent i Nord-Trøndelag og Troms. Kvaliteten av avlinga i 1964 var dårlegare enn vanleg, særleg på Vestlandet, men til dels også i Agder og somme stader på Austlandet.

Samla avling av jordbruksvokstrane (korn og erter, poteter, rotvokstrar og stråfôr) var i alt 2 157 mill. fôreiningar i 1964, mot 2 242 mill. f. e. året før. Avlinga i 1964 svarar til 93 prosent av eit middelsår, mot 97 prosent året før. Avlinga frå beite er ikkje med i denne avlingsstatistikken.

I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var avlinga 94,5 prosent av eit middelsår. Det vil seie at «middelsåret» representerer eit avlingsnivå som ligg vel 5 prosent høgre enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vokstrane, og er større for åker-vokstrane enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit godt bilete av utviklinga i dyrkingsteknikk m. v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skifte i vokstertilhøve og avlingsmengd.

Avlinga i eit «middelsår» er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonenene.

#### b. Hagebruket. (Tab. 13—16)

Også for hagebruket blei det dårlege veksttilhøve utover sommaren, og dette gjekk særleg ut over dei varmekrevjande vokstrane. Frukta utvikla seg bra i september månad på Austlandet, medan tilhøva i fruktbygdene på Vestlandet var dårlege.

Samla fruktavling blei utrekna til 81 600 tonn i 1964, mot nær 80 000 tonn i 1963. Det blei noko meir eple, men mindre av anna frukt i 1964 enn året før. Det blei bra fruktavlingar over mykje av Austlandet, medan Vestlandet for det meste fekk dårlege avlingar.

Avlingane av hagebær blei i alt 30 600 tonn i 1964, mot 32 600 tonn året før.

Samla avling av grønsaker på friland blei 109 000 tonn i 1964, mot 135 000 tonn i 1963. Det var stor nedgang frå året før både for vinterkål og gulrot, men også for varmekrevjande vokstrar som bønner og frilands-(sylte-)agurkar. Tomatar og agurkar under glas gav i alt vel 11 000 tonn, om lag som året før. Samla grønsakavling er utrekna til 89 prosent av eit middelsår i 1964, mot 105 prosent året før.

Dei nemnde avlingstala gjeld hovudkulturane. Somme kulturar som persille, salat, spinat m. v. er ikkje rekna med, og heller ikkje avlinga frå «kjøkkenhagar» med små areal av kvart slag.

### III. Husdyrhaldet. (Tab. 17—36)

#### 1. Talet på husdyr. (Tab. 17—24)

Talet på husdyr pr. 20. juni er rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar kvart år mellom dei fullstendige jordbruksteljingane. Frå 1959 gjeld tala både bygder og byar.

Hestehaldet har framleis gått tilbake. Talet pr. 20. juni 1964 var vel 77 000.

Det var 10 prosent mindre enn året før. Med det oppalet ein til no har hatt, vil nedgangen halde fram enno nokre år. Talet på storfe i alt var 1 102 000, eller om lag 2 prosent mindre enn i 1963. Det var 552 000 kyr i 1964, eller knapt 4 prosent mindre enn året før.

Sauetalet auka med 3 prosent frå 1963 til 1964, og det var og auke i geite-talet. Talet på svin pr. 20. juni var ca. 4 prosent større i 1964 enn året før, og det var auke både for smågris og alssvin, men noko færre slaktesvin enn året før. Talet på høner og hønekyllingar i alt var om lag som på same tid i 1963.

I 1964 blei det henta inn særskilde oppgåver for bruk med over 100 svin og/eller over 500 vaksne høner pr. 20. juni 1964. Oppgåvene er jamførte med tilsvarande tal frå jordbruksteljinga i 1959.

I 1964 var det 277 bruk med over 100 svin pr. 20. juni. Desse bruka hadde i alt 65 000 svin, eller 12 prosent av samla svinehald i landet. I 1959 var det 236 slike bruk, med i alt 47 000 svin, eller 10 prosent av svinehaldet i 1959.

I 1964 var det 454 bruk med over 500 vaksne høner pr. 20. juni. Desse bruka hadde 327 000 vaksne høner (1 år og meir) og 370 000 unghøner og hønekyllingar, til saman 697 000 dyr. Dette var 15 prosent av høner og kyllingar i landet.

I 1959 var det 237 slike bruk, med 495 000 høner og hønekyllingar, eller vel 9 prosent av samla tal for landet.

Frå 1959 til 1964 har såleis dyretalet på slike store buskapar auka med om lag 50 prosent. Når det gjeld svin, er det særleg buskapsstorleiken som har auka, men når det gjeld høns, er det talet på buskapar som har auka. Bruka er grupperte etter storleik, både etter jordbruksareal og dyretal.

Frå 1953 har det vore årlege husdyrteljingar ved utgangen av året. Desse teljingane omfattar nær 4 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal, og ein reknar ut totale dyretal berre for riket under eitt, i høve til tala pr. 20. juni same året. I 1964 var det uvanleg stor nedgang i talet på hest, men uvanleg liten nedgang i svinetalet frå juni til desember. Talet på høner auka sær s mykje frå juni til desember 1964.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga var i 1959. Norges Pelsdyrslag reknar ut dyretal på grunnlag av oppgåver over alsdyra. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar, men tala viser likevel utviklinga i store trekk frå 1959, særleg den store auken i talet på mink.

## 2. Husdyrprodukta. (Tab. 25—36)

### a. Samla produksjon. (Tab. 25—26)

I samband med utvalsteljinga i 1960 blei det henta inn oppgåver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. Liknande produksjonsteljingar blei haldne i åra 1928, 1947, 1950 og 1955. For tidlegare år er det gjort ymse over-slag over produksjonen på grunnlag av dyretalet. Teljinga i 1960 synta at det hadde vore auke i produksjonen av flesk og egg dei siste 10 åra og nokon auke også i kjøtproduksjonen, medan mjølkeproduksjonen stort sett hadde halde seg på same nivået. Dette galdt landet under eitt. For dei einskilte lands-luter og bruksklassar hadde utviklinga vore ulik for dei ymse produkt. Ein syner elles til Jordbruksstatistikk 1960, der produksjonsteljinga i 1960 er utførleg omtala.

Budsjettnemnda for jordbruket reknar årleg ut mengdene av husdyrpro-

dukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utrekningane. Utrekninga gjeld heile jordbruksnæringa, og tala gjeld kalenderåret. For kjøt og flesk er det dessutan den skilnaden frå produksjonsteljingane, at Budsjettnemndas tal syner kva som er teke ut frå buskapen som slakt, medan produksjonsteljingane syner produksjonen som «tilvokster», der auke i buskapen er med som produksjon, og nedgang i buskap blir dregen frå. Førebels oppgåve for 1964 syner ein produksjon på vel 131 000 tonn kjøt og flesk, mot 127 600 tonn i 1963 og vel 32 000 tonn egg, mot 31 500 tonn i 1963. Mjølkeproduksjonen gjekk noko ned, frå 1 695 000 tonn i 1963, til 1 962 000 tonn i 1964.

Utanom slakt av dei vanlege husdyra (hest, storfe, sau, geit og svin), reknar Budsjettnemnda med ein produksjon på 2 500 tonn fjørfe-slakt, 1 000—1 500 tonn kjøt av tamrein og ca. 200—300 tonn kaninkjøt pr. år. Samla produksjon av kjøt og flesk, medrekna fjørfe, tamrein og kaninar, var såleis utrekna til 131 700 tonn i 1963 og 135 700 tonn førebels for 1964.

Om produksjon av pelsskinn sjå side 13.

#### b. Meieridrifta. (Tab. 27—29)

Byrået hentar inn fylkesvise oppgåver for kvar månad over innvegen mjølk, produksjon av mjølkeprodukt, lager m. v. ved meieri og mjølkefabrikkar. Statistikken blir innhenta gjennom mjølkesentralane. Rikstala blir gitt ut i Statistisk ukehefte.

Meir detaljerte årsoppgåver over meieridrifta blir innhenta frå kvart ein-skilt meieriføretak. Årsstatistikken blir prenta årleg i eigen publikasjon, Meieribruket i Noreg.

Jamført med den utrekna totale produksjon av kumjølk utgjorde meierileveringa 84 prosent i 1964, mot 59 prosent i 1949—50 og 82 prosent i 1959—60.

Innvegen mjølkemengd var 1 424 000 tonn i 1964. Dette var 0,7 prosent meir enn året før.

Smørproduksjonen auka med 1 prosent, produksjonen av brun ost auka og med 1 prosent, medan produksjonen av kvit ost gjekk ned med 4 prosent. Samla mjølkesal auka med knapt 3 prosent.

#### c. Kjøtkontrollen. (Tab. 30—32)

Oppgåvene frå kontrollveterinærane over offentleg kjøtkontroll blei utvida frå hausten 1959 til å gjelde både tal og vekt på førstegongskontrollerte slakt. Fleire og fleire distrikt har etter kvart kome med i kjøtkontrollen. Særleg auke har det vore etter brigde i loven om slakteri m. v. i 1959. Dei kontrollerte slakt svarar om lag til heile salsproduksjonen av svin, hest og geit, 90—95 prosent av kalv og storfe og til om lag 75 prosent av salsproduksjonen av sau. I 1964 blei det kontrollert 108 000 tonn av desse husdyrslaga, mot 104 000 tonn året før. Utanom dette blei det i 1964 kontrollert 1 600 tonn fjørfe-slakt, 1 000 tonn reinslakt (tamrein og villrein), vel 2 000 tonn kvalkjøt og 100 tonn av andre dyr.

#### d. Paringsstatistikken for svin. (Tab. 33—34)

Frå 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon syne brigda i fleskeproduksjonen året etter. Oppgåvene har vore rekna ut som relative tal i høve til same

tid året før for jamførbare distrikt. Det har vore vanskeleg å få oppgåver frå alle rånehaldarar. Frå hausten 1959 er oppgåvene meir fullstendige, og med stonad i rånetalet ved jordbruksteljinga i 1959 har ein no rekna ut totale oppgåver over bedekte purker for åra 1961—1964. Desse tala syner sesongen- dringa gjennom året og gjev eit klårare bilete av utviklinga for ei årrekke enn dei relative tala. Tala for 1962 synte nedgang for fleskeproduksjonen i 1963, medan bedekningane i 1963 og 1964 tyder på auke i 1964—1965.

e. Pelsskinn. (Tab. 35)

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyrsalslag på grunnlag av omsetnad m. v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilete av produksjonsutviklinga. I 1963—64 blei det eksportert ureidde pelsskinn av rev og mink for i alt 143 mill. kroner.

f. Fjøs kontrollen. (Tab. 36)

I 1964 var det 27 000 bruk med i alt vel 195 000 årskyr som var med i fjøs- kontrollen. Det var fleire kyr enn i 1962, trass i nedgangen i samla dyretal etter husdyrteljinga. Vel  $\frac{1}{3}$  av kyrne i landet var under kontroll i 1964.

Mjølkeavdråtten pr. ku ligg høgre i dei kontrollerte buskapane enn gjen- nomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdråttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

#### IV. Driftsmiddel. (Tab. 37—43)

##### 1. Maskinar og reiskapar. (Tab. 37—40)

Oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket har ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane. Ved utvalsteljingane i 1962 og 1963 blei det likevel henta inn oppgåver over talet på traktorar, og i 1964 blei det dessutan henta inn fleire oppgåver over jordbruksmaskinar og bruken av dei.

Talet på traktorar i jordbruket auka med over 50 prosent, frå 55 800 i 1959 til 86 500 i 1964. I 1964 var det 17 800 2-hjulstraktorar (10 500 i 1959) og 68 700 4-hjuls og andre traktorar (45 300 i 1959). Utstyret til traktorane har til dels auka relativt meir enn traktortalet. Talet på traktorvogner (tilhengjarar) auka med 50 prosent. Belteutstyr var meir enn fordobla, og talet på lesse- apparat var om lag tredobla. Talet på transportrivar auka frå 24 000 i 1959 til 62 000 i 1964.

Samla tal på slåtteutstyr for traktor og særskilde motorslåmaskinar auka frå 31 200 i 1959 til 58 800 i 1964. Til dette var det vel 2 000 førhaustarar (slaghaustarar) i 1964. Oppgåver over slike hadde ein ikkje i 1959.

Talet på slåmaskinar for hest gjekk mykje attende frå 1959. Det var att 47 000 i 1964, og dei fleste var for 1 hest. I 1959 var det 86 000 slåmaskinar for hest.

Talet på potetsetjarar var nær fordobla, frå 9 000 i 1959 til 15 400 i 1964. Talet på potetopptakarar i alt gjekk noko ned. Det er truleg talet på opptakarar for hest som er gått ned. Det kan elles vere liten skilnad på opptakar for hest og for traktor, men for dei siste kan det vere stor skilnad i automa- tikk. Dette er ikkje undersøkt i 1964.

Talet på sjølvbindarar gjekk og noko ned, og det var 11 900 i 1964. Også her er det truleg talet på maskinar for hest som er gått ned. Samla tal på skurdtreskjarar auka frå 4 700 i 1959 til 8 200 i 1964. Av talet i 1959 var berre 20 prosent sjølvgåande, men etter innførsla i 1959—1964 var ca. 40 prosent sjølvgåande treskjarar i 1964.

Fleire oppgaver frå maskinteljinga i 1964 er gitt i eige avsnitt, side 19.

Mykje av maskinutstyret i jordbruket blir innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av somme av desse produka. Verdien av slik utførsle var 38 mill. kroner i 1964.

## 2. Kunstgjødsele og kraftfôr. (Tab. 41—43)

Gjennom oppgaver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av kunstgjødsele (handelsgjødsele) i landet for ei årrekke. Etter oppgaver for salsseongen 1963—64 var forbruket 458 000 tonn vare sommaren 1964. Av dette var 273 000 tonn fullgjødsele. Varemengdene er rekna om etter innhaldet av verdistoff (grunnstoffa nitrogen, fosfor og kalium). Samla forbruk i 1964 var 122 000 tonn verdistoff, og mengda har auka frå år til år, særleg for nitrogen. Høgprosentlege og allsidige gjødselelag utgjer ein aukande del av forbruket. Nesten all gjødsla blir nytta i jord- og hagebruk. Berre små mengder har til no vore nytta i skogbruket.

Innførsle av kraftfôr var noko mindre i 1964 enn året før, men tilgangen frå norske tilverkarar auka. Det var såleis tilført i alt 34 000 tonn kraftfôr meir i 1964 enn året før. Omsetnaden frå grossist auka noko meir enn dette, og særleg for kraftfôr utan rabattvisning. Det var omsett 600 000 tonn slikt kraftfôr i 1964, mot 551 000 tonn året før.

## V. Arbeidskraft i jordbruket. (Tab. 44)

Frå ymse kjelder ligg det føre statistikk som syner utviklinga i sysselsetjinga i dei ymse næringar. Ei viktig kjelde er folketeljingane, som mellom anna syner talet på personar med hovudyrke i ulike næringar på ein gjeven teljingsdag. For dei seinare åra har Arbeidsdirektoratet gitt månadsoppgaver over sysselsette lønstakarar.

Særskilt for jordbruket er det henta inn oppgaver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår, både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år.

I samband med utvalsteljinga i 1962 blei det såleis henta inn oppgaver over arbeidskrafta i driftsåret 1961—62.

Framgangsmåten ved denne teljinga var stort sett den same som ved tidlegare teljingar. Oppgåvene blei henta inn for dei same bruka som var med ved den årlege teljinga av areal og husdyrhald pr. 20. juni. Oppgåvene for desse bruka blei rekna om til totaltal for alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal, og ein nytta talet på brukseiningar som omrekningsfaktor. Desse totaltala kan stort sett jamførast med tala frå dei tidlegare teljingane, med atterhald for somme mindre endringar i teljingsprinsipp og utrekningsmåte.

Oppgåvene er gitt som tal på personar og dagsverk. Oppgåvene over arbeid «på bruket» skal gjelde alt arbeid med jord- og hagebruk, husdyrhald og skog som høyrer bruket til, og dessutan arbeid med hushaldet på bruket. Arbeid i anna næringsverksemd skulle ikkje vere med. (Ved teljingar før



1959 skulle også særskild hjelp til hogst og framdrift av tømmer til sal haldast utanfor.)

Samla arbeidskraft er rekna ut som «årsverk». Som eit normalt årsverk er rekna 280 dagsverk. Denne utrekninga er gjord på same måten som før når det gjeld arbeidshjelpa på bruca, men på ein litt annan måte enn før for brukarane sin del.

Særleg ved teljinga i 1962 har utrekningsmåten ført til noko sterkare differensiering av arbeidsinnsatsen til brukaren. Dette kjem særleg til syne i tala for utrekna årsverk i dei einskilde storleiksklassane. Ein viser elles til Jordbruksteljinga i Noreg, femte heftet, og til Jordbruksstatistikk 1962, der statistikken er nærare omtala.

## VI. Prisar, økonomi m. v. (Tab. 45—66)

### 1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel. (Tab. 45—53)

Det allmenne prisnivået var meir stabilt i 1963 enn i åra før, men prisane steig noko på slutten av året. Denne prisauken heldt fram i 1964. Engrosprisindeksen gjekk opp frå 104 i desember 1963 til 109 i desember 1964 (1961 = 100), og konsumprisindeksen auka samstundes frå 111,9 til 119,6. Prisendringane var ikkje like store for alle engrosvarane, men stort sett var det auke både for innførte og innanlandske varer. Konsumprisane auka særleg mykje for gruppa matvarer. Den allmenne omsetningsavgifta blei sett opp frå 10 prosent til 12 prosent frå 1. desember 1964. For somme varer auka subsidiane frå denne dato.

Jordbruksavtalen av 1963 gjekk ut 30. juni 1964. Tingingar om ny toårig avtale, samordna med lønsoppgjeret i andre næringar våren 1964, førte ikkje fram. Etter stortingsvedtak blei eit rammebeløp for inntektsauken i jordbruket fastsett ved avgjerd av ei voldgiftsnemnd. Det blei då teke omsyn til avgjerd av Rikslønnsnemnda om lønene i industrien, men det blei ikkje rekna med eit visst tillegg i prosent eller i øre pr. time for jordbruket. Inntektsauken blei fastsett til 125 mill. kroner første avtaleår og 50 mill. kroner meir året etter, dvs. 175 mill. kroner, og såleis til saman 300 mill. på to år. Etter dette blei jordbruksavtalen for tida 1. juli 1964 til 30. juni 1966 utforma gjennom tingingar mellom Landbruksdepartementet og jordbruksorganisasjonane.

I denne avtalen er det innført eit produksjonsnøytralt driftstilskot, til avlysing av m. a. driftstilskotet på mjølk. Til dette tilskotet blei det avsett 111 mill. kroner årleg, som skal bli betalt til brukarar med over 10 dekar jordbruksareal og inntil 11 000 kroner i skattepliktig inntekt.

Det blei elles gjort somme endringar i prisar og prisgrenser for mjølk, slakt, korn, poteter og grønnsaker. Som i tidlegare avtalar var det avgjerd om importregulering, om kraftfôrskipnaden og bruken av midlar frå kraftfôrfondet, og om løyvingar over statsbudsjettet til ymse tiltak.

Endringar på minst 5 poeng i konsumprisindeksen eller 50 mill. kroner i totale volumfaste kostnader skulle gi høve til tingingar om endringar i denne avtalen.

Prisindeksen for jordbruket blir rekna ut ved Norges Landbrukshøgskole og syner prisendringane til produsent for dei viktigaste produkta. Tala for 1964 synte nedgang frå året før for jordbruksprodukta under eitt i første halvår, men auka seinare på året. For året 1964 var indekstalet 135 mot 128

året før (1952 = 100). For desember måned var indekstalet 146, mot 134 i desember 1963. Ved sida av prisendringane i samsvar med jordbruksavtalen kom prisauke på mange planteprodukt som følgje av dårlege avlingar i 1964.

Etter jordbruksavtalen blei kornprisane auka med 1 øre pr. kg frå 1. juli 1964. Korntrygda for avgrensa kornmengd blei og auka med 1 øre, men trygdesatsane for korn utover dette blei sette ned med 3 øre. For poteter og grøn-saker blei nye normalprisar utrekna etter vekeprisane i 1960—1962, med tillegg på 8 prosent. Dersom marknadsprisen i to veker på rad ligg meir enn 12 prosent over normalprisen (dvs. øvre prisgrense), blir importen frigitt. I somme periodar kom både potetprisen og somme grøn-sakprisar over denne prisgrensa hausten 1964. For frukt blei dei tidlegare prisgrensene haldne ved lag. Marknadsprisen var høgre enn hausten 1963. Tabell 48 gir eit oversyn over marknadsprisar, jamførte med normalprisar og øvre prisgrenser.

Etter jordbruksavtalen skulle mjølkeprisen til produsent gå opp med 8 øre pr. liter og av dette 5,45 øre i første avtaleår. For salsmjølka blei prisen til forhandlar difor auka med 12,6 øre pr. liter heilmjolk og 27 øre pr. liter 35 prosent kremfløyte. Smørprisen blei auka med 58,5 øre pr. kg. Desse endringane galdt frå 1. august 1964.

Tilskotsordningane for mjølk blei delvis haldne ved lag: Grunntilskotet på 14,2 øre pr. liter for all meierimjolk, særtilskota i fjord- og fjellbygdene og frakttilskota. Men driftstilskotet for avgrensa mjølkelevering frå kvart bruk (innført frå 1952) blei tatt bort.

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane som før syte for å halde middelpriane for året på eller under avtalte gjennomsnittsprisar. Desse blei auka noko i avtalen for 1964—1966.

På grunn av knapp marknadsdekning var det noko innførsle av kjøt og flesk i 1964. Det var og innførsle av egg, men mindre enn året før. Utførsle av smør auka frå 2 000 tonn i 1963 til 5 400 tonn i 1964, og utførsle av ost var 9 000 tonn, som året før.

Prisnoteringane for norsk ull blei sett opp med kr. 1,50 pr. kg frå 1. juli 1964.

Prisane på pelsskinn var noko høgre ved Oslo-auksjonane i sesongen 1963—64 enn året før, men hausten 1964 var marknaden svakare.

For produksjonsmiddel i jordbruket var det auke i 1964, særleg frå august måned i samband med kraftfôrordninga i jordbruksavtalen. Prisnivået for kraftfôr blei etter jordbruksavtalen auka med 4 øre pr. føreining for kolhydratkraftfôr og 7 øre pr. føreining for proteinkraftfôr. Ordninga med prisrabatt etter dyretal blei endra noko med omsyn til kraftfôrmengda for dei ymse dyreslag, og rabattsatsen blei auka til 25 øre pr. kg kraftfôr.

I prisindeksen for jordbruket gjekk såleis månadsindeksen for produksjonsmiddel og produksjonstenester opp frå 141 i 1963 til 144 i 1964 (1952 = 100). I desember 1964 var talet 146.

## 2. Rekneskapsresultat i jordbruket. (Tab. 54—55)

Eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabell 54. I 1963 var produksjonsinntektene 393 kroner pr. dekar, medan kostnadene utanom arbeid og renter var 234 kroner pr. dekar. Produksjonsinntektene auka med 9 kroner frå året før og kostnadene med 10 kroner. Lønsevna, dvs. den samla

arbeidsforteneste for familien og legehjelpa, gjekk attende frå 131 kroner i 1962 til 129 kroner i 1963. Dette svarar til kr. 3,49, rekna pr. time.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeidsvederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårtytingar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte bruka, var nettoinntekta 16 817 kroner i 1962 og 17 353 kroner i 1963.

### 3. Jordbrukets totalrekneskap. (Tab. 56)

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrådet nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekkje syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

Tala for dei siste åra er reviderte i samband med ny utrekning av husdyrprodukt, og frå 1960 er rekneskapen sett opp for kalenderår, mot før driftsår.

### 4. Investeringar, lån, statstilskot. (Tab. 57—60)

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa gjeld også kapitalslit — vedlikehald og avskrivningar — som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt oppgåver som syner den delen av utlåna frå bankar og kredittsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefritak og tilskot.

I tabellane finn ein oppgåver over statens utgifter til ymse slike formål, og dessutan eit oversyn over tilskot til prisregulering for jordbruksvarer m. v. over statsrekneskapen og gjennom Prisdirektoratets prisreguleringsfond.

### 5. Løner i jordbruk og skogbruk. (Tab. 61—62)

Kvart år frå og med driftsåret 1915—16 er det innhenta oppgåver over lønene i jordbruket. Oppgåvene blir innhenta på spørjeskjema, som kvart år i januar blir sende til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1962—63 kom det inn om lag 900 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelde den arbeidsløn som allment blir betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Løna blir oppgitt som månadsløn og dagløn på arbeidsgjevars kost eller på eigen kost, og spesifisert på menn og kvinner i ymse slag arbeid. Løn på arbeidsgjevars kost skal gjelde kontant-

løn, medan løn på eigen kost skal gjelde totalløna (medrekna frie naturalia).

Der det er oppgitt timeløn, har ein før rekna om til dagløn etter 8 timars dag. Frå 1963—64 er timeløner rekna om til dagløn etter  $7\frac{1}{2}$  times gjennomsnittsdag.

Nokre av oppgåvene gjeld dagsforteneste og stykkeløn på akkordarbeid. Vanlege arbeids- og lønstillegg skal vere med i oppgåvene, men ikkje feriegodtgjersle eller ferietillegg.

I høve til åra før er det frå 1959—60 gjort nokre endringar i oppgåveskje-maet (sjå Jordbruksstatistikk 1959, s. 37). Dette har ført til at ein ikkje heilt ut kan jamføre alle lønskategoriene med oppgåvene for åra før 1959—60.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som mid-deltal for riket og fylka. Middeltala dekkjer over store variasjonar.

Etter oppgåvene for 1964—65 låg gjennomsnittslønene stort sett 5—10 prosent høgre enn året før. Sett i høve til nivået i 1959, har månadslønene i jord-bruket auka med 45—50 prosent, medan hogstprisane for tømmer og ved har auka med vel 30 prosent.

Frå 15. januar 1962 galdt ein 2-års tariffavtale mellom Jordbrukets Ar-beidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund, fram til 15. ja-nuar 1964. Den leiande satsen for gardsarbeidarar over 21 år med 4 års praksis blei sett til kr. 5,— pr. time frå 15. januar 1962 og til kr. 5,50 frå 15. januar 1963.

Våren 1964 blei denne satsen mellombels auka med 20 øre pr. time, fram til 1. juli 1964. Vidare tingingar førte ikkje fram, og Rikslønnsnemnda gjorde i oktober vedtak om ein leiande sats på kr. 5,85 pr. time frå 1. juli 1964.

For gartneri og hagebruk og for skogbruk er det særskilde avtalar.

## 6. Prisar på faste eigedomar. (Tab. 63—66)

### a. Omsetnad av fast eigedom. (Tab. 63)

Byråets årlege statistikk over omsetnaden av fast eigedom byggjer på ting-lysing av heimelsoverføringar. I statistikken er ikkje teke med ekspro-priasjon av grunn til gater og vegar, men elles all omsetnad av byggverk og grunn. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimels-overføring ved arv eller gåve.

Det blei i 1963 tinglyst i alt 50 338 heimelsoverføringar til ein kjøpesum av 1 603 mill. kroner. I bygdene blei det omsett 43 449 eigedomar for 1 026 mill. kroner, og i byane 6 889 eigedomar for 577 mill. kroner.

For dei omsette eigedomane i bygdene blir det og gitt oppgåve over matrik-kelskylda. I 1963 var matrikkelskylda ved desse eigedomane 15 483 mark, eller vel 3 prosent av samla skyld i landet. Det er etter kvart blitt fleire små eige-domar, og dette har ført til at gjennomsnittleg storleik av omsette eigedomar — målt i skyldmark — har gått ned frå rundt 1 mark i 1930-åra til 35—38 øre dei siste åra.

### b. Prisar på eigedomane. (Tab. 64—66)

Særskilt for eigedomar med minst 24 øre i skyld blir det utrekna gjennom-snittsprisar pr. skyldmark.

Gjennomsnittsverdien pr. skyldmark for gardsbruk byggjer i 1963 på i alt 4 818 heimelsoverganger. Av eigedomane blei vel 20 prosent omsett fritt til framande, medan knapt 80 prosent var familiesal. Gjennomsnittleg pris pr.

skyldmark for vanlege gardsbruk i fri omsetnad var kr. 24 544 i 1963, mot kr. 24 310 året før. For familiesal var prisen pr. skyldmark kr. 12 802 i 1963 og kr. 12 049 i 1962. Gjennomsnittleg matrikkelskyld ved dei gardsbruka som blei selte til slektningar, var snautt 1 mark høgre enn dei i fri omsetnad. Fordelt etter matrikkelskylda på eigedomane, var skyldmarksverdien størst for dei små gardsbruka.

For andre eigedomar (fjellområde, tomter, skog, hus, og «ikkje vanlege» gardsbruk) med minst 24 øre i skyld, var gjennomsnittleg pris pr. skyldmark kr. 67 319. Skyldmarksverdien for denne gruppa av eigedomar er utrekna til kr. 61 547 i 1962.

## VII. Maskinar i jordbruket i 1964 og bruken av dei. (Tab. 67—79)

I samband med utvalsteljinga for areal og husdyrhald pr. 20. juni 1964 blei det henta inn oppgaver over talet på traktorar, traktorutstyr og ymse andre maskinar. For traktorane blei det henta inn meir detaljerte oppgaver enn før, og ein fekk også ein del oppgaver over bruken av maskinane.

Somme av oppgåvene er rekna om til totaltal på grunnlag av brukstalet ved jordbruksteljinga i 1959. Andre oppgaver er berre gitt som relative tal for dei undersøkte bruka.

### 1. Talet på maskinar og reiskapar. (Tab. 67, 69)

I tabell 37 under avsnittet om driftsmiddel er det gitt totaltal for reiskapar med tillegg for bruk inntil 5 dekar. Desse oppgåvene er jamførte med teljingsresultata frå 1959. Tabell 67 viser utrekna totaltal for bruk over 5 dekar, fordelt etter bruksstorleik, og tabell 69 viser desse tala for fylke og landsluter.

Etter teljingsreglane skulle gamle maskinar som ein ikkje kom til å nytte meir, ikkje vere med i teljinga. For maskinar i sameing skulle dei einskilde brukarar gi opp kor stor part dei hadde. Det er teke omsyn til dette i talet på maskinar. Maskinar for slått er fordelte på ymse typar for hest og for motor-drift, men om lag 10 prosent av bruk med berre hestslåmaskin gav opp at maskinen blei køyrd med traktor.

### 2. Traktorane etter drivstoff, motorstyrke og køyretid. (Tab. 68, 70, 71)

Traktorane er fordelte etter drivstoff i bensin/petroleumstraktorar og dieseltraktorar. Ein reknar med at det ikkje er mange att av petroleumstraktorane. Jamført med oppgåvene frå 1959 var det auke i talet på mellomstore og store 2-hjuls traktorar. Av 4-hjuls og andre traktorar var det noko nedgang i talet på bensin/petroleumstraktorar inntil 20 hk, medan det særleg var auke i talet på mellomstore (20—40 hk) og store (over 40 hk) dieseltraktorar. Motorstyrken er gitt opp på forskjellig måte frå dei ymse fabrikkane, dels som SAE (motoren utan utstyr), dels som DIN (med nødvendig utstyr), og gjeld under visse føresetnader. Etter dei oppgåvene som var gitt, var gjennomsnittleg motorstyrke 8,4 hk for 2-hjuls traktorar og 32,2 hk for 4-hjuls og andre. For ca. 85 prosent av traktorane var det gitt opp tal på køyretimar i 1963. Traktorar innkjøpte i 1964 var såleis haldne utanom. Timetalet skulle gjelde all køyring — jordbruksarbeid og anna køyring — både på eige bruk og hjå

andre. Gjennomsnitt for 2-hjuls traktorar var 193 timar og for 4-hjuls og andre 376 timar. Timetalet var større for dieseltraktorar enn for bensin/petroleumstraktorar.

Skilnaden i køyretid etter drivstoff kjem mykje av at dei fleste gamle traktorane er bensin/petroleumdrivne, og oppgåvene viser at dei eldste traktorane blir brukt lite. Delt etter alder var køyretida for dei eldste og dei yngste 2-hjulstraktorane 82 og 205 timar, og tilsvarande tal for 4-hjulstraktorar var 212 og 462 timar. Somme av dei gamle traktorane står truleg mest som reserve på bruk med meir enn ein traktor, og blir såleis lite brukt, og mange av dei gamle traktorane er selde brukte til jordbruk, der det til dels kan vere lite traktorkøyning (sjå om «alder ved kjøp»). På den måten kan brukstida — rekna i år — bli lang for mange av traktorane i jordbruket (sjå om «traktorane etter alder»).

Middels køyretid er også ulik for traktorar på små og store bruk, sjølv om køyretida utanom bruket er rekna med.

Reknar ein ut nytta effekt i hestekrafttimar pr. traktor og år, var det såleis stor skilnad etter traktortype og bruksstorleik. Middeltalet for 2-hjuls bensintraktor på dei minste bruka var ca. 1 000 hk-timar, medan middeltalet for 4-hjuls dieseltraktor på bruk med over 100 dekar var over 20 000 hk-timar.

Reknar ein med middels køyretid i 1963 og traktortalet pr. 20. juni 1964, kjem ein fram til at jordbrukstraktorane på bruk med over 5 dekar blei nytta i alt 28,8 mill. timar. Av dette var 3,3 mill. timar med 2-hjuls traktor og 25,5 mill. timar med 4-hjuls traktor o. a. Desse timetala gjeld all køyning, også utanom jordbruket. Om køyretimar på bruka sjå seinare.

I tabell 70 er talet på traktorar etter motorstyrke og drivstoff (prosent) og middels motorstyrke og køyretid, rekna ut for fylke og landsluter.

Tabell 71 gir meir spesifiserte opplysningar om korleis traktorane fordeler seg etter køyretimar.

### 3. Traktorane etter alder (fabrikasjonsår). (Tab. 72)

Tabell 72 viser traktorane prosentvis fordelte etter fabrikasjonsår. Prosenttala gjeld traktorar med oppgave over årstal. 3 prosent av alle traktorar var utan slik oppgave. Dette gjer aldersfordelinga noko meir usikker, men hovudlinene i aldersfordelinga etter bruksstorleik og distrikt går likevel tydeleg fram av tabellen. Dersom ein gjer prosenttala gjeldande for totaltalet på traktorar i 1964, får ein denne fordelinga av traktorane:

	Inntil 5 år	6—10 år	11—15 år	Over 15 år
2-hjuls traktorar .....	9 300	6 700	1 700	100
4-hjuls traktorar o. a. ....	27 700	21 200	15 600	4 200

Før 1. juli 1949 var det innført vel 10 000 4-hjuls og beltetraktorar. I 1964 var det igjen vel 4 000 av desse — svarande til innførsla i 1947—1949. Frå 1. juli 1949 til 30. juni 1964 var det innført 87 000, men berre 65 500 av desse var i jordbruket i 1964. Skilnaden på over 20 000 traktorar kjem for ein del frå jordbrukstraktorar som er gått ut av bruk, men storparten må vere traktorar som er gått til anna enn jordbruk.

Dette kan vere traktorar i byggjeverksemd og industri o. l., og traktorar på reine skogeigedomar utan jordbruk. Tilgangen og frågangen kan ein setje opp slik:

Tilgang (innførsle)		Frågang	Teljing 20/6 1964	
Før 1/7 1949	10 200	6 000	4 200	over 15 år gamle
1/7 1949—30/6 1954	20 100	4 500	15 600	11—15 år gamle
1/7 1954—30/6 1959	29 100	7 900	21 200	6—10 år gamle
1/7 1959—30/6 1964	37 700	10 000	27 700	inntil 5 år gamle
I alt	97 100	28 400	68 700	

I det meste av perioden 1949—1959 skilde innførslestatistikken mellom «traktorar for jord- og skogbruk» og «andre traktorar». Av «andre traktorar» var det i desse åra innført ca. 4 000, men frågangen tyder på at mykje meir enn dette er gått til anna enn jordbruk. I 1959—1964 er det særskilde tal for innførsle av brukte traktorar. I 1959—1964 var det innført ca. 1 500 slike, som truleg kan vere over 5 år i 1964. Ein må elles rekne med at storparten av frågangen for desse åra har gått til anna enn jordbruk.

Det var lita innførsle av 2-hjuls traktorar før 1954. I alt var det innført om lag 25—26 000 før 1. juli 1964. Motorslåmaskinar er då rekna med frå 1954. Innførsle dei siste 5 åra var nær 14 000, medan vel 9 000 var opptil 5 år gamle i 1964. Skilnaden på over 4 000 kan etter dette vere motorslåmaskinar, og resten av motorslåmaskinane skulle då vere innførte før 1959.

#### 4. Traktorane etter alder ved kjøp. (Tab. 73)

Oppgåvene over innkjøpsåret er samkøyrede med oppgåvene over fabrikkårsåret. Både åra var gitt opp for vel 96 prosent av traktorane, og ein har rekna skilnaden i årstal som uttrykk for alderen ved kjøpet. Nær 90 prosent av 2-hjulstraktorane var kjøpt «nye» (årsskilnad 0—1 år). Knappt 70 prosent av 4-hjulstraktorane var kjøpt nye, og nær 12 prosent var kjøpt så gamle som 8 år og meir.

#### 5. Traktortimar på bruka i 1963. (Tab. 74)

Ved jordbruksteljinga i 1959 blei det for første gong spurt etter talet på traktortimar på bruka siste år. Timetalet var delt på køyring med eigen traktor og med leigd traktor. Slike oppgåver blei også henta inn ved utvalsteljinga i 1964, der det var spurt om traktortimar på bruket (jordbruk, eigen skog og anna arbeid på bruket) i 1963. For bruk utan oppgåve, men med traktor i 1963, er det gjort tillegg etter timetal i same bruksklasse og landslut. Rekna ut som totaltal for bruk over 5 dekar var timetalet 26,8 mill. Dette er 2 mill. timar mindre enn utrekna samla køyring med jordbrukstraktorane pr. 20. juni 1964. Ein må rekne med at jordbrukstraktorane har noko køyring i anna verksemd, samstundes som traktorar i anna verksemd, og traktorar på bruk inntil 5 dekar (m. a. maskinstasjonar) har køyring på bruk over 5 dekar. Det ser ut til at dette går om lag opp i opp, då skilnaden på 2 mill. timar berre svarar til auken i traktortalet frå 1963 til 1964.

Jamført med oppgåvene frå 1959 er det ein auke i timetalet på over 10 mill. timar. Timetalet med leigd traktor har gått ned, både relativt og absolutt, me-

dan timetalet med eigen traktor har auka, mest på bruk mellom 20 og 100 dekar — der også traktortalet har auka mest. Talet på traktortimar i 1963 på bruk av ulik storleik var:

Jordbruksareal	1958		1963	
	Med eigen traktor	Med leigd traktor	Med eigen traktor	Med leigd traktor
5,1— 20 dekar	336	336	751	238
20,1— 50 »	1 882	878	4 665	642
50,1—100 »	3 818	763	9 002	584
Over 100 dekar	7 734	317	10 782	200
I alt	13 770	2 294	25 200	1 664

Tabell 70 viser timetalet i fylke og landsluter.

#### 6. Talet på bruk med og utan maskindrift. (Tab. 75)

Samstundes med auken i talet på maskinar har talet på bruk med eigen maskin auka. Når det gjeld traktorar, har dette ført til nedgang frå 1959 i talet på bruk som berre leiger traktor. Oppgåvene frå 1964 viste at 12,3 prosent av bruka eigde eller leigde 2-hjuls traktor og 71,9 prosent eigde eller leigde 4-hjuls traktor. 3,3 prosent av bruka nytta både slag traktor — det var særleg bruk med eigen 2-hjuls traktor som leigde 4-hjuls traktor — slik at i alt 81 prosent av bruka nytta traktor, medan 19 prosent ikkje nytta traktor.

Når det gjeld potetsetjar, potetopptakar og skurdtreskjar har talet auka frå 1959, både når det gjeld eigarar og leigarar, og det er mange bruk med part i slike maskinar.

I 1959 var det fleire bruk som nytta sjølvbindar enn som nytta skurdtreskjar. Oppgåvene i 1964 viste at 61 prosent av korndyrkarane nytta skurdtreskjar og 26,8 prosent nytta sjølvbindar. 7,4 prosent av bruka nytta både maskin-slag, slik at 80,4 prosent av korndyrkarane nytta treskjar og/eller bindar. 19,6 prosent av korndyrkarane nytta såleis annan reiskap — slåmaskin eller ljå.

I 1964 var det 78,9 prosent av bruka med slåtteng som nytta motorisert slåmaskin. Av desse hadde 35,2 prosent eigen maskin, 1,8 prosent part, og 41,9 prosent berre leigde eller lånte. 21,1 prosent av bruka slo enga berre med hestslåmaskin eller ljå. 3,6 prosent av bruka nytta fôrhaustar, men berre 1,1 prosent hadde eigen fôrhaustar.

Alle oppgåvene om bruken av maskinar i 1964 gjeld «kva drifta var basert på» i teljingsåret, av di ein nytta arealoppgåvene for dette året i samband med maskinteljinga. Oppgåvene frå 1959 gjeld bruken av maskinar «siste året.» Ein reknar med at oppgåvene stort sett er jamførbare.

#### 7. Areal på bruk med og utan maskindrift. Korn- og potetareal etter storleik. (Tab. 76—79)

Det er stort sett dei større bruka som nyttar maskinar. Dei 81 prosent av bruka som nytta traktor, hadde såleis 91 prosent av jordbruksarealet i 1964, men ein har ikkje oppgåver over kor store areal traktorane blei nytta på. Dei 19 prosent av bruka som ikkje nytta traktor, hadde berre 9 prosent av jordbruksarealet.



Dei 61 prosent av korndyrkarane som nytta skurdtreskjar, hadde 87 prosent av kornarealet. Bruk som nytta sjølvbindar, hadde 21,4 prosent av kornarealet. Tek ein omsyn til at somme brukar bae maskinslaga, hadde bruka med treskjar- og/eller bindarskurd 96,6 prosent av kornarealet. Berre 3,4 prosent av kornarealet var såleis på bruk der dei berre skar kornet på annan måte — med slåmaskin eller ljå.

For kornarealet har ein beinveges oppgâver over korleis arealet i 1964 skulle bli hausta («kva drifta var basert på» pr. 20. juni). 84 prosent av kornarealet skulle bli hausta med skurdtreskjar, 13 prosent med sjølvbindar, knapt 3 prosent med slåmaskin og mindre enn 1 prosent med ljå.

Kornarealet pr. korndyrkar auka frå 27,3 dekar i 1959 til 35,8 dekar i 1964.

Bruk som nytta potetsetjar, hadde 64 prosent av potetarealet, og bruk som nytta potetopptakar, hadde over 80 prosent av potetarealet. Nær halvparten av potetdyrkarane nytta ikkje potetopptakar, men desse hadde berre 20 prosent av potetarealet. Ein reknar med at dei som nyttar setjar og opptakar, stort sett nyttar desse på heile potetarealet.

Potetarealet pr. dyrkar var i gjennomsnitt 3 dekar i 1964, det same som i 1959.

Bruk som nytta motorisert slåmaskin, hadde 85 prosent av slåttenga (fulldyrka og overflatedyrka og natureng). Her er det også gitt beinveges oppgâver over haustemåten i 1964. Nær 78 prosent skulle bli hausta med motorisert slåmaskin, 13 prosent med slåmaskin for hest og 9 prosent med ljå. Det var særleg i fylke med mykje natureng, at enga blei hausta med ljå.

### **VIII. Bruk som blei borte som særskilde driftseiningar med over 5 dekar jordbruksareal i perioden 1959—1964. (Tab. 80—93)**

I samband med den årlege utvalsteljinga i jordbruket har Statistisk Sentralbyrå gjennomført ei undersøking for bruk som blei borte i 5-årsperioden 1959—1964.

Ein reknar at eit bruk blir borte som særskild driftseining når det ikkje lenger har over 5 dekar jordbruksareal, utan omsyn til kva areal eller anna produksjonsgrunnlag bruket elles kan ha.

Det er brukartilhøvet som er lagt til grunn for teljinga, ikkje eigartilhøvet. Eit bruk kan bli borte som særskild driftseining (t. d. ved at det er lagt til eit anna bruk ved forpaktning), men framleis vere ein særskild eigedom. Eit bruk kan og vere særskild driftseining sjølv om det ikkje lenger har jordbruksareal, t. d. som skogeigedom, men i denne undersøkinga er det jordbruksarealet som er lagt til grunn for driftseininga.

Ein skal vere merksam på at dette er ei utvalsteljing. Resultata må difor reknast som meir usikre enn ved fullstendige teljingar, særleg for mindre område. For dei fleste oppgâvene blir det derfor berre gitt oppgâver for riket etter bruksstorleik og for landsdelane. Talet på bruk som blei borte, og korleis jordbruksarealet dei hadde er nytta, er også gitt for fylka, jordbruksområda og kommunegrupper etter næringsstruktur.

#### **1. Brukseiningar og areal. (Tab. 80—83)**

I perioden 1959—1964 blei det borte vel 18 000 brukseiningar. Dei fleste av desse brukseiningane var små. Knapt 61 prosent hadde såleis inntil 20 dekar jordbruksareal og knapt 32 prosent mellom 20 og 50 dekar. Rekna i prosent

av alle bruk i 1959 blei 9,2 prosent borte i perioden. Av bruka mellom 5 og 20 dekar blei 18 prosent borte, og av bruka mellom 20 og 50 dekar 8 prosent, men berre 2 prosent av bruka over 50 dekar. I Vest-Agder blei knapt 17 prosent av alle bruk borte, medan knapt 4 prosent blei borte i Sogn og Fjordane.

Bruka som blei borte i perioden hadde eit jordbruksareal på i alt 438 000 dekar. Av dette blei 8 prosent lagt til andre bruk ved kjøp, 42 prosent vart lagt til andre bruk ved leige, 8 prosent gjekk til tomter, vegar m. v., 3 prosent blei utlagt til skog, og 39 prosent blei liggjande unytta. Relativt meir av jorda blei liggjande unytta til mindre bruka var. Av jorda til bruka som blei borte i perioden 1949—1959, blei berre 13 prosent liggjande unytta.

Av bruka som blei borte hadde 6,3 prosent avstått areal til andre bruk ved kjøp og 41,3 prosent ved leige. 12,2 prosent hadde avstått areal til tomter, vegar m. v. 3,3 prosent hadde avstått areal til skog, og 50,6 prosent hadde areal som var blitt liggjande unytta. Dersom ikkje arealet ved noko bruk blei nytta på meir enn to av desse måtane, vil dette seie at 13,7 prosent av bruka hadde nytta arealet på to måtar.

I alt 29 prosent av bruka som blei borte blei rekna som tungbrukte i høve til det vanlege i kommunen, og 24 prosent blei rekna som avsidesliggjande. 16,5 prosent blei rekna som både tungbrukte og avsidesliggjande. Det var relativt fleire som blei rekna som tungbrukte til mindre bruka var, medan det var relativt liten skilnad etter bruksstorleik for avsidesliggjande bruk. Av fylka var det Telemark som hadde flest både avsidesliggjande og tungdrevne bruk.

Det var ein mykje mindre del av jorda som blei lagt til andre bruk på avsidesliggjande og tungdrevne bruk enn på andre bruk. Ein tilsvarande større del blei liggjande unytta.

## 2. Alder og yrkestilhøve. (Tab. 84—87)

Av brukarane på bruk som blei borte hadde 33 prosent bruket som einaste yrke i 1959, 11 prosent hadde bruket som hovudyrke og 56 prosent som attåt-yrke. 18 prosent av brukarane hadde pensjon m. v., slik at berre 15 prosent hadde bruket som einaste leveveg. Brukarar med bruket som einaste leveveg varierte frå 27 prosent i Vestfold til vel 1 prosent i Finnmark.

Vel 17 prosent av bruka gjekk ut i samband med at brukarane døydde. Av brukarane som framleis levde etter at bruka blei borte, var det 32 prosent som levde av pensjon m. v. Resten var spreidd på dei ymse næringar. Berre 7 prosent arbeidde framleis i jord- og skogbruk.

Ein har ikkje oppgåve over alderen til brukarane på det tidspunkt bruka blei borte. I 1959 var aldersfordelinga til brukarane på desse bruka slik: 7,5 prosent under 35 år, 17 prosent 35—45 år, 25,6 prosent 45—54 år, 23,1 prosent 55—64 år og 26,8 prosent over 65 år. Av alle brukarane i 1959 var berre 16 prosent over 65 år. Gjennomsnittsalderen til brukarane på bruk som blei borte i perioden var i 1959 54,6 år. Gjennomsnittsalderen for alle brukarar var same året 52,1 år.

86,7 prosent av bruka som blei borte hadde mannlege brukarar i 1959. Av alle bruka same året var det 93,6 prosent som hadde mannlege brukarar (rekna av personlege brukarar). Både av mannlege og kvinnelege brukarar var det ein større del ugifte og tidlegare gifte på bruka som blei borte, enn på alle bruk.

6,7 prosent av brukarane på bruk som blei borte, hadde fagutdanning mot 12,5 prosent for alle brukarar. Mykje av denne skilnaden skriv seg frå ulik bruksstorleik.

### 3. Diverse oppgåver. (Tab. 88—90)

For 17,4 prosent av bruka blei brukarens død oppgitt som direkte årsak til at bruket blei borte på vedkomande tidspunkt. 20,6 prosent gav opp høg alder og sjukdom, 5,7 prosent at bruket blei lagt ut til tomter m. v. og 4,5 prosent gav opp dårlege hus, dårleg jord m. v., 40,5 prosent gav opp andre årsaker, og 11,3 prosent svara ikkje på spørsmålet.

Av brukarane som framleis levde etter at bruka blei borte, blei 63 prosent buande på same staden, 17 prosent flytta til annan bustad i kommunen og 16 prosent flytta til annan kommune. 4 prosent svara ikkje på spørsmålet.

73 prosent av bruka som blei borte hadde bilveg til bruket. Av dei som ikkje hadde bilveg, var det 61 prosent som hadde køyreveg for hest.

94 prosent hadde våningshus, 87 prosent elektrisitet, 36 prosent hadde telefon og 71 prosent hadde innlagt vatn.

67,4 prosent av våningshusa blei nytta som vanlege bustader etter at bruka blei borte, 9,0 prosent blei nytta som feriestader, 2,4 prosent blei nytta til andre føremål og 16,6 prosent blei ståande unytta. 4,6 prosent svara ikkje på spørsmålet.

Det var relativt fleire våningshus som blei nytta til feriestader og som blei liggjande unytta på avsidesliggjande bruk enn på andre bruk.

### 4. Driftsstyrke. (Tab. 91)

Det var ein noko mindre del av jordbruksarealet som var fulldyrka på bruk som blei borte enn på alle bruk (73,8 og 81,2 prosent). På bruk som blei borte var det dessutan mindre dyr i høve til jordbruksarealet. I 1959 var det såleis 3,2 kyr pr. 100 dekar jordbruksareal på bruk som blei borte i perioden, mot 5,9 kyr pr. 100 dekar for alle bruk. Det er berre dyretalet ein har brukt som mål for driftsstyrken.

### 5. Kommunegrupper etter næringsstruktur. (Tab. 92—93)

Ein har gjort ein freistnad med inndeling av kommunane i landet etter næringsstruktur. Inndelinga byggjer stort sett på oppgåvene frå folketeljinga i 1960. Det er brukt følgjande grupper:

- A. Skogbrukskommunar
- B. Jordbrukskommunar
  1. Beste jordbruksbygder
  2. Andre
- C. Fiskerikommunar
- D. Industrikommunar
  1. Beste jordbruksbygder
  2. Andre

For å kome med i gruppene A og B må minst  $\frac{1}{3}$  av yrkesfolkemengda vere sysselsett i jord- og skogbruk. For å kome med i gruppe C må minst  $\frac{1}{3}$  vere sysselsett i fiske og fangst og i gruppe D minst  $\frac{1}{3}$  i industri m. v. Dette svarar ikkje heilt til den kommunegrupperinga som er nytta ved folketeljinga.

For å kome med i gruppe A er det dessutan sett visse krav til forholdet mellom jordbruket og skogbruket. Salsavvirkinga av tømmer og ved må gjennomsnittleg pr. år vere minst 1,5 m<sup>3</sup> for kvart dekar jordbruksareal i kommunen.

Fordelinga på dei beste og andre jordbrukskommunar følgjer Byråets inndeling av landet i jordbruksområde. Dei søraustlege slettebygdene, silurbygdene inne i landet, Jærens sletteland, skiferlandskapa ved Boknfjorden og bygdene ved Trondheimsfjorden er rekna som dei beste jordbruksbygder.

Det var i fiskerikommunar og industrikommunar at prosentvis flest bruk blei borte. I industrikommunane blei særleg mange mindre bruk borte. I jordbrukskommunane er meir av jordbruksarealet lagt til andre bruk enn i dei andre gruppene. Til tomter, vegar m. v. har det gått mest i industrikommunane. I fiskerikommunane og skogbrukskommunane var det relativt mest som låg unytta.

### **IX. Bureisingsbruk reist med statsstønad 1921—1936. Jamføring av resultat frå Bureisingsteljinga 1938 og Jordbruksteljinga 1959. (Tab. 94—98)**

Byrådet gjennomførte i 1938 ei teljing av bureisingsbruk som var reist med statsstønad i perioden 1921—1936. Teljinga omfatta i alt 10 340 bruk.

I samband med jordbruksteljinga i 1959 blei det utført ein del arbeid med tanke på å finne ut korleis det var gått med desse bruka. Ein granska oppgåvene til den fullstendige teljinga i 1959 for å finne oppgaver frå dei same bruka som var med i bureisingsteljinga i 1938. Dei ein ikkje fann i 1959-materialet, leita ein etter i oppgåvene til den fullstendige teljinga i 1949.

På dette grunnlag delte ein bruka som var med i 1938 i 4 grupper:

1. Bruk som blei borte 1938—1949
2. Bruk som blei borte 1949—1959
3. Bureisingsbruk slått saman med andre bruk 1938—1959
4. Bruk som framleis var særskilde driftseiningar i 1959.

Det materialet ein har hatt for handa for Nord-Trøndelag er ufullstendig, og resultatata for dette fylket må difor reknast som meir usikre.

965 av bruka som var med i 1938 blei heilt borte som sjølvstendige driftseiningar før 1949, medan 252 blei borte i perioden 1949—1959. 1316 bruk blei i perioden 1938—1959 slått saman med andre bruk, utan at ein i kvart enkelt tilfelle kan avgjere om bureisingsbruket eller det andre bruket utgjer hovuddelen av den nye driftseininga.

Etter dette var 7 807 bruk framleis i drift i 1959, utan å vere slått saman med andre bruk. Av desse hadde 118 mindre enn 5 dekar jordbruksareal. Dei bureisingsbruka som sidan 1938 er slått saman med andre bruk, hadde noko større jordbruksareal enn gjennomsnittet for alle bureisingsbruk i 1938. Bruka som blei borte i perioden 1938—1959 hadde gjennomsnittleg minst jordbruksareal i 1938.

Fordelinga av jordbruksarealet var i 1938 om lag den same for bruk som blei borte 1938—1959, og for bruk som framleis var i drift i 1959. Derimot hadde bruka som blei borte noko mindre husdyr i høve til jordbruksarealet. Det tyder såleis på at det jamt over var bruka med det svakaste driftsgrunnlaget som blei borte i perioden.

Bruka som framleis eksisterte som særskilde driftseiningar i 1959, hadde

auka jordbruksarealet frå gjennomsnittleg 23,4 dekar i 1938 til 35,2 dekar i 1959. Bureisingsbruk som er slått saman med andre bruk, auka arealet frå gjennomsnittleg 26,4 dekar til 49,9 dekar.

Av alle bureisingsbruka reiste i 1921—1936 blei 28 prosent drivne som attåyrke i 1938, men av dei som blei borte i perioden 1938—1959 var 40 prosent drivne som attåyrke i 1938.

På bruk som eksisterte i 1959 var det langt fleire som hadde bruket som eineyrke og attåyrke i 1959 enn i 1938. Tilsvarande færre hadde bruket som hovudyrke.

## English summary

According to the 1964 sample survey of agriculture the total area under grain increased by 4,5 per cent compared to the previous year, whereas the area of potatoes and vegetables decreased. In 1964 the total crop yield amounted to 93 per cent of mean annual yield against 97 the previous year. The crops in horticulture were also reduced compared to 1963, except for fruit.

The decline in the number of horses continued. There was also a decrease in cattle, but an increase in the number of sheep, goats, pigs and hens.

Preliminary figures for 1964 show an increase in the production of meat, pork and eggs, but slight change in the production of milk.

An investigation of agricultural machines and their use showed a large increase as compared to 1959 in the number of tractors (50 per cent) and tractor equipment (50—200 per cent) and certain other machines, among others grain combines (70 per cent). Two-wheeled tractors were on the average used 193 hours per year and the four-wheeled tractors 376 hours. 84 per cent of the grain area was in normal conditions harvested by means of grain combines, and 78 per cent of the meadows were cut by motorized mowers. Holdings using potato diggers amounted to 80 per cent of the potato area.

An investigation showed that 18 000 holdings discontinued as separate units between the years 1959 and 1964. 61 per cent of these were holdings with between 5,1—20 decares of agricultural land in 1959. 50 per cent of the agricultural area on discontinued holdings were transferred to other holdings by purchase or lease.

## Translation of natural agricultural regions:

<i>Jordbruksområde</i>	<i>Natural agricultural regions</i>
<i>Austlandet med Telemark</i>	<i>Eastern Norway</i>
Søraustlege slettebygder	Plain region (clay soil)
Silurbygdene inne i landet	Plain region (silurian soil)
Mellom- eller skogbygder	Forest region
Dal- og fjellbygder	Valley- and Mountain region
<i>Agder</i>	<i>Agder</i>
Kystbygder	Coastal region
Mellom- eller skogbygder	Forest region
Dal- og fjellbygder	Valley- and Mountain region
<i>Vestlandet</i>	<i>Western Norway</i>
Skiferlandsk. ved Boknfjord	Boknfjord
Jærens sletteland	Jæren plain region
Andre ytre bygder	Coastal and Outer Fjord region
Indre bygder	Inner Fjord region
<i>Trøndelag</i>	<i>Trøndelag</i>
Kystbygder	Coastal region
Ytre fjordbygder	Outer Fjord region
Bygder ved Trondheimsfjord	Region around the Trondheimsfjord
Dal- og fjellbygder	Valley- and Mountain region
Andre indre bygder	Other Inner region
<i>Nord-Noreg</i>	<i>Northern Norway</i>
Øyar	Islands
Kystbygder	Coastal region
Fjord- og dalbygder	Fjord- and Valley region
Innlandsbygder	Inland region





## **Tabellar**

**Tabell 1. Landarealet i dei einiskilde fylke.**  
*Land area by counties.*

Fylke <i>Counties</i>	Samla landareal Km <sup>2</sup> <i>Total land area km<sup>2</sup></i>	Prosent <i>Percentages</i>					I alt <i>Total</i>
		Fulldyrka jord <sup>1</sup> <i>Cultivated land</i>	Natureng og over- flatedyrka jord <sup>1</sup> <i>Permanent grassland</i>	Produktiv skog <sup>2</sup> <i>Productive forests</i>	Anna areal <i>Other land</i>		
					Under skoggrensa <i>Below the timber-line</i>	Over skoggrensa <i>Above the timber-line</i>	
Østfold .....	3 888,06	19,4	1,0	50,9	28,7	—	100
Akershus og Oslo ..	5 024,18	16,2	1,3	59,3	23,2	—	100
Hedmark .....	26 291,54	3,4	0,6	47,8	18,6	29,6	100
Oppland .....	24 259,44	2,9	0,8	26,0	18,5	51,8	100
Buskerud .....	13 846,58	3,2	0,6	35,8	17,9	42,5	100
Vestfold .....	2 261,78	20,1	1,1	53,4	25,4	—	100
Telemark .....	14 267,00	1,9	0,4	30,2	31,0	36,5	100
Aust-Agder .....	8 629,33	1,6	0,2	35,1	28,7	34,4	100
Vest-Agder .....	6 828,05	2,7	0,5	25,6	33,9	37,3	100
Rogaland .....	8 557,28	5,2	2,2	7,2	58,7	26,7	100
Hordaland og Bergen	14 924,72	2,3	1,4	10,5	39,9	45,9	100
Sogn og Fjordane ..	17 841,59	1,6	1,1	9,7	35,8	51,8	100
Møre og Romsdal ..	14 680,66	3,0	1,2	12,7	41,1	42,0	100
Sør-Trøndelag .....	17 963,02	3,5	0,5	22,0	29,6	44,4	100
Nord-Trøndelag ...	21 117,06	3,2	0,2	28,2	23,4	45,0	100
Nordland .....	36 286,46	1,4	0,5	13,3	15,5	69,3	100
Troms .....	25 533,72	1,2	0,4	13,7	22,4	62,3	100
Finnmark .....	46 548,17	0,2	0,1	15,4	14,8	69,5	100
I alt .....	308 748,64	2,7	0,6	22,8	24,6	49,3	100

<sup>1</sup> Jordbruksteljinga 1959. *Census of Agriculture 1959.* <sup>2</sup> Skogbruksteljinga 1957. *Census of Forestry 1957.*

**Tabell 2. Jordbruksarealet etter bruken. 1 000 dekar.**  
*Agricultural area by use. 1 000 decares.*

År <i>Year</i>	Korn og erter <i>Grains and dry peas</i>	Grøn- fôr <i>Grains, cut green for feed</i>	Poteter <i>Potatoes</i>	Rot- vokst- rar <i>Fodder roots</i>	Gron- saker <i>Vege- tables</i>	Annan åker og hage <i>Other</i>	Åker og hage i alt <i>Total</i>	Eng til slått <i>Meadows for mowing</i>	Kultur- beite <i>Pastures</i>
1959.....	2 182	114	553	152	55	423	3 479	5 067	1 562
1960.....	2 230	97	568	161	52	401	3 509	5 059	1 567
1961.....	2 283	91	533	159	55	375	3 496	5 015	1 527
1962.....	2 296	109	504	160	54	408	3 531	4 851	1 544
1963.....	2 324	98	516	147	64	422	3 571	4 870	1 535
1964.....	2 428	108	490	150	58	418	3 652	4 672	1 566

**Tabell 3. Arealet av dei ymse jordbruksvokstrar.**  
*Area of different crops.*

	Arealet i dekar <i>Area in decares</i>			Endring i prosent <i>Percentage change</i>	
	1959	1963	1964	1959—1964	1963—1964
Kveite <i>Wheat</i> .....	92 555	69 479	72 270	— 21,9	+ 4,0
Rug <i>Rye</i> .....	10 831	11 450	7 145	— 34,0	— 37,6
Bygg <i>Barley</i> .....	1 409 303	1 793 400	1 817 259	+ 28,9	+ 1,3
Havre <i>Oats</i> .....	647 043	439 366	521 404	— 19,4	+ 18,7
Blandkorn <i>Mixed grains</i> .....	20 263	9 606	9 492	— 56,8	— 3,5
Erter <i>Dry peas</i> .....	1 685	226			
Korn og erter i alt <i>Total grains and dry peas</i> .....	2 181 680	2 323 527	2 427 570	+ 11,3	+ 4,5
Oljevokstrar til mogning <i>Rapeseed</i> ..	..	..	34 811	..	..
Grønfor <i>Grains, cut green for feed</i> ....	114 109	98 039	108 038	— 5,3	+ 10,2
Poteter <i>Potatoes</i> .....	552 478	516 403	489 808	— 11,3	— 5,2
Fôrnepe <i>Fodder turnips</i> .....	35 382	37 568	38 735	+ 9,5	+ 3,1
Kålrot <i>Kohlrabi</i> .....	81 514	73 348	74 830	— 8,2	+ 2,0
Fôrbete <i>Fodder beats</i> .....	13 799	8 069	7 880	— 42,9	— 2,3
Fôrmergkål <i>Fodder kale</i> .....	21 114	27 680	29 042	+ 37,5	+ 4,9
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt <i>Total fodder roots and kale</i> .....	151 809	146 665	150 487	— 0,9	+ 2,6
Grønsaker <i>Vegetables</i> .....	54 485	63 651	58 096	+ 6,6	— 8,7
Jordbær <i>Strawberries</i> .....	8 706	303 566	289 572	— 12,0	— 4,6
Bringebær <i>Raspberries</i> .....	4 392				
Andre vokstrar på åker og i hage <i>Other Brakk</i> .....	316 091	118 922	93 831	— 1,3	— 21,1
Brakk <i>Fallow land</i> .....	95 023				
Åker- og hageareal i alt <i>Total</i> .....	3 478 773	3 570 773	3 652 213	+ 5,0	+ 2,3
Eng til slått: <i>Meadows for mowing:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i> .....	4 303 025	4 267 047	4 182 688	— 2,8	— 2,0
Natureng og overflatedyrka <i>Permanent grassland</i> .....	763 496	603 412	488 945	— 36,0	— 19,0
Kultarbeite: <i>Pastures:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i> .....	560 786	595 733	580 893	+ 3,6	— 2,5
Natureng og overflatedyrka <i>Permanent grassland</i> .....	1 001 119	939 226	985 572	— 1,6	+ 4,9
Eng ikkje nytta: <i>Meadows unused:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i> .....	50 753	119 276	69 211	+ 36,4	— 42,0
Natureng og overflatedyrka <i>Permanent grassland</i> .....	143 709	206 358	206 093	+ 43,4	— 0,1
Jordbruksareal i alt <i>Total agricultural area</i> .....	10 301 661	10 301 825	10 165 615	— 1,3	— 1,3
Av dette fulldyrka <i>Of which cultivated land</i> .....	8 393 337	8 552 829	8 485 005	+ 1,1	— 0,8

**Tabell 4. Jordbruksarealet i dei  
Agricultural area<sup>1</sup> by**

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
Areal i dekar:								
Kveite .....	8 883	6 533	13 002	4 698	3 212	2 642	2 419	122
Rug .....	1 297	505	754	1 668	141	1 696	175	—
Bygg .....	303 582	238 213	279 769	227 173	130 685	187 667	38 888	8 439
Havre .....	81 935	132 772	123 445	18 751	35 849	44 737	20 803	1 469
Blandkorn og erter .....	1 490	2 263	652	2 020	1 352	1 248	20	17
Korn og erter i alt .....	397 187	380 286	417 622	254 310	171 239	237 990	62 305	10 047
Oljevokstrar til mogning .	3 970	4 179	8 993	2 155	7 643	5 851	1 500	—
Grønfôr .....	846	1 237	12 793	15 907	3 695	555	2 209	2 279
Poteter .....	29 758	30 482	61 329	58 729	18 529	33 292	15 964	10 884
Førnepe .....	441	573	4 375	2 464	543	620	284	219
Kålrot .....	11 508	11 630	9 118	3 933	4 915	7 709	3 091	1 697
Førbete .....	365	52	256	374	468	466	188	443
Førmergkål .....	2 900	3 988	3 099	2 061	1 230	1 800	417	125
Rotvokstrar og formergkål i alt .....	15 214	16 243	16 848	8 832	7 156	10 595	3 980	2 484
Grønsaker .....	5 778	4 080	5 717	2 758	7 001	7 734	2 348	4 032
Andre vokstrar på åker og i hage .....	24 782	52 883	17 849	15 388	25 981	27 305	18 011	8 011
Brakk .....	13 240	14 410	16 647	6 343	9 122	10 808	5 079	2 068
Åker og hage i alt .....	490 775	503 800	557 798	364 422	250 366	334 130	111 396	39 805
Eng til slått:								
Fulldyrka .....	182 607	203 658	313 431	357 591	160 458	79 735	130 520	81 080
Natureng og overfl.dyrka	3 068	4 690	12 187	39 938	25 794	1 277	11 196	2 796
Kultarbeite:								
Fulldyrka .....	70 144	73 677	31 757	23 271	24 610	38 456	19 051	11 211
Natureng og overfl.dyrka	26 662	36 694	70 941	96 244	32 833	12 372	28 089	8 159
Eng ikkje nytta:								
Fulldyrka .....	2 965	6 677	4 487	5 436	5 741	2 118	9 204	4 486
Natureng og overfl.dyrka	2 648	18 179	24 302	23 762	9 842	2 745	6 241	1 012
Jordbruksareal i alt .....	778 869	847 375	1 014 903	910 664	509 644	470 833	315 697	148 549
Av dette fulldyrka .....	746 491	787 812	907 473	750 720	441 175	454 439	270 171	136 582
Prosent:								
Korn og erter .....	51,0	44,9	41,2	27,9	33,6	50,5	19,7	6,8
Poteter .....	3,8	3,6	6,0	6,4	3,6	7,1	5,1	7,3
Rotvokstrar og førmergkål	2,0	1,9	1,7	1,0	1,4	2,3	1,3	1,7
Annar åker og hage .....	6,2	9,1	6,1	4,7	10,5	11,1	9,2	11,0
Åker og hage i alt .....	63,0	59,5	55,0	40,0	49,1	71,0	35,3	26,8
Eng til slått .....	23,9	24,6	32,1	43,7	36,5	17,2	44,9	56,5
Kultarbeite .....	12,4	13,0	10,1	13,1	11,3	10,8	14,9	13,0
Eng ikkje nytta .....	0,7	2,9	2,8	3,2	3,1	1,0	4,9	3,7
Jordbruksareal i alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

<sup>1</sup> Translation, see table 3.



**Tabell 5. Åker- og hageareal i dei einssilde fylke. 1964 i prosent av 1959 og 1963.**  
*Arable and horticultural land by counties. 1964 as percentage of 1959 and 1963.*

Fylke <i>Counties</i>	Korn og erter <i>Grains and dry peas</i>	Poteter <i>Potatoes</i>	Rotvokstrar <i>Fodder roots</i>	Annan åker og hage <i>Other</i>	Åker og hage i alt <i>Total</i>
a) 1959 = 100					
Østfold .....	116,8	84,1	98,7	102,1	111,9
Akershus og Oslo.....	108,9	76,9	107,6	98,5	104,6
Hedmark .....	114,0	90,6	98,1	111,0	110,0
Oppland .....	105,3	97,4	99,4	98,6	103,0
Buskerud .....	103,1	87,3	103,0	103,8	101,9
Vestfold .....	118,6	92,3	87,2	116,3	113,8
Telemark .....	115,7	89,5	89,5	90,9	102,9
Aust-Agder.....	83,3	95,8	93,3	105,6	95,7
Vest-Agder.....	80,6	88,5	81,0	94,2	88,0
Rogaland .....	92,9	84,4	85,3	102,1	91,3
Hordaland og Bergen .	55,5	80,7	103,1	86,2	83,8
Sogn og Fjordane ....	128,8	90,0	91,9	86,6	90,2
Møre og Romsdal ....	97,6	87,0	97,1	98,6	94,6
Sør-Trøndelag .....	110,4	94,4	116,1	92,0	105,7
Nord-Trøndelag .....	118,3	87,9	117,7	95,3	111,1
Nordland .....	132,7	89,7	200,5	99,1	100,5
Troms .....	13,7	87,9	178,3	62,7	76,9
Finnmark .....	—	100,1	227,5	19,3	36,8
I alt <i>Total</i> .....	111,3	88,7	99,1	98,6	105,0
b) 1963 = 100					
Østfold .....	105,4	99,4	103,9	92,2	103,5
Akershus og Oslo.....	107,5	93,6	104,3	96,6	104,7
Hedmark .....	103,4	95,3	105,1	113,6	103,5
Oppland .....	101,7	98,4	96,2	109,0	101,8
Buskerud .....	103,0	95,9	109,7	104,2	102,9
Vestfold .....	105,0	97,8	101,7	98,7	103,1
Telemark .....	101,7	94,4	102,8	97,3	99,5
Aust-Agder.....	75,7	103,6	87,1	106,6	94,8
Vest-Agder.....	108,3	96,2	91,9	93,4	97,3
Rogaland .....	96,6	92,5	94,8	97,7	95,5
Hordaland og Bergen .	95,0	89,4	89,2	95,5	93,0
Sogn og Fjordane ....	140,2	91,8	113,0	84,9	91,6
Møre og Romsdal ....	103,9	93,1	109,3	100,3	99,8
Sør-Trøndelag .....	104,8	94,4	107,2	94,2	102,0
Nord-Trøndelag .....	106,6	93,2	108,8	101,1	104,2
Nordland .....	141,8	92,1	120,3	117,3	108,0
Troms .....	78,0	92,6	137,0	96,3	94,4
Finnmark .....	—	84,2	144,4	53,8	69,0
I alt <i>Total</i> .....	104,5	94,8	102,6	100,0	102,3



Tabell 8. Avlinga i jordbruket. 1 000 tonn. *Agricultural production. 1 000 tons.*

År Year	Kveite Wheat	Rug Rye	Bygg Barley	Havre Oats	Korn og erter i alt <sup>1</sup> Total grains and dry peas	Grønfor Grains, cut green for feed	Poteter Potatoes	Rot- vokst- rar Fodder roots	Høy i alt Hay, total	Halm Straw	Føre- ingar i alt <sup>2</sup> Total
1959.....	20	2	304	117	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959
1960.....	23	4	399	173	606	54	1 247	836	3 034	662	2 338
1961.....	27	3	428	174	637	48	1 222	850	2 936	652	2 322
1962.....	20	4	343	107	476	55	919	643	2 809	665	2 037
1963.....	18	3	463	113	599	54	1 218	747	2 837	647	2 242
1964.....	20	2	480	126	630	54	804	608	2 777	708	2 157

<sup>1</sup> Blandkorn og erter til mogning rekna med. *Mixed grains and dry peas included.* <sup>2</sup> Millionar f.e. *Millions of feed units. 1 unit = the nutritive value of 1 kg of barley.* Ved omrekninga til føreningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, fôrbete og fôrmergkål, 12 kg fôrnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfor. Desse omrekningsfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1959 blei det rekna med om lag 890 mill. føreningar frå beite. Av dette var 380 mill. f.e. frå utmarksbeite.

Tabell 9. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar. 1964. *Agricultural crops. 1964.*

	Areal Area Dekar Decares	Avling i kg pr. dekar Yield in kg per decare	Avling i tonn Production in tons	Prosent av eit middelsår <sup>1</sup> Percentage of mean an- nual yield	Kvalitet <sup>2</sup> Quality
Kveite <i>Wheat</i> .....	72 270	279	20 151	93	2,8
Rug <i>Rye</i> .....	7 145	263	1 879	96	3,1
Bygg <i>Barley</i> .....	1 817 259	264	480 055	94	3,1
Havre <i>Oats</i> .....	521 404	241	125 510	85	2,7
Blandkorn og erter <i>Mixed grains and dry peas</i>	9 492	259	2 462	93	3,1
Korn og erter i alt <i>Total grains and dry peas..</i>	2 427 570	260	630 057	92	3,0
Poteter <i>Potatoes</i> .....	489 808	1 641	803 569	69	3,6
Fôrnepe <i>Fodder turnips</i> .....	38 735	3 402	131 790	68	3,8
Kålrot <i>Kohlrabi</i> .....	74 830	4 243	317 483	83	3,6
Fôrbete <i>Fodder beats</i> .....	7 880	2 974	23 435	55	3,7
Fôrmergkål <i>Fodder kale</i> .....	29 042	4 675	135 775	82	3,9
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt <i>Total fodder roots and kale</i> .....	150 487	4 043	608 483	77	3,8
Grønfor (tørt) <i>Grains, cut green for feed (dried)</i>	108 038	500	54 028	90	3,6
Høy frå eng på fulldyrka jord <i>Hay from cultivated meadows</i> .....	4 182 688	619	2 588 491	99	3,4
Høy frå natureng og overflatedyrka jord <i>Hay from permanent grassland</i> .....	488 945	386	188 646	95	3,3
Høy i alt <i>Hay, total</i> .....	4 671 633	595	2 777 137	98	3,4
Halm <i>Straw</i> .....	2 427 570	292	707 691	99	3,4
I alt 1000 føreningar (f.e.) <i>Total in 1000 feed units (f.u.)</i> .....			2 156 508	93	

<sup>1</sup> Nemninga «middelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonene. Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av middelsårsavling. For åkervokstrane ligg middelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent. *Mean annual yield is reckoned as a harvest in a medium good year, when there are no abnormal conditions.* <sup>2</sup> Kvalitetsgradering : 5 = særsgod, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg. *Quality: 5 = extremely good, 4 = very good, 3 = good, 2 = not good, 1 = bad.*



**Tabell 10. Avlinga i dei einiskilde fylke rekna i 1 000 f.e.**  
*Agricultural production by counties in terms of feeding units.*

Fylke Counties	Avling i 1000 f.e. Yield in 1000 f.u.			I prosent av middelsåret Percentage of mean annual yield		
	1962	1963	1964	1962	1963	1964
Østfold . . . . .	167 270	191 926	200 939	84,8	97,3	97,2
Akershus og Oslo .	161 572	183 172	186 595	83,7	96,0	95,7
Hedmark . . . . .	205 461	257 117	236 202	79,2	100,6	90,3
Oppland . . . . .	185 136	219 963	208 153	84,7	102,4	93,5
Buskerud . . . . .	108 218	113 948	112 023	95,2	100,9	97,0
Vestfold . . . . .	115 216	117 188	125 777	91,1	93,2	97,0
Telemark . . . . .	55 035	59 086	57 487	89,8	98,2	95,3
Aust-Agder . . . . .	27 468	30 665	26 245	89,9	97,1	90,3
Vest-Agder . . . . .	36 187	34 953	34 355	88,3	88,7	87,3
Rogaland . . . . .	134 212	135 619	119 552	94,0	94,2	83,6
Hordaland og Bergen . . . . .	91 103	96 351	76 369	91,6	99,8	80,1
Sogn og Fjordane .	93 547	98 932	84 741	95,9	101,2	83,0
Møre og Romsdal .	125 589	131 219	115 532	94,0	94,2	87,2
Sør-Trøndelag . . .	150 789	167 246	150 876	90,0	98,6	90,6
Nord-Trøndelag . .	159 435	176 817	180 403	86,9	96,2	94,0
Nordland . . . . .	130 015	129 103	133 812	95,7	94,2	97,2
Troms . . . . .	68 247	76 061	81 618	85,6	94,1	103,8
Finmark . . . . .	22 575	22 799	25 829	96,0	90,5	104,5
I alt Total . . . . .	2 037 075	2 242 165	2 156 508	88,4	97,4	92,5

**Tabell 11. Avling pr. dekar. Yield per decare.**

År Year	Kveite Wheat	Rug Rye	Bygg Barley	Havre Oats	Bland- korn Mixed grains	Poteter Pota- toes	Fôr- nepe Fodder turnips	Kålrot Kohl- rabi	Høy frå Hay from		I alt i f.e. Total in f.u.
									eng på fulldyr- ka jord cultiva- ted mea- dows	natur- eng og overfl.- dyrka perma- nent grass- land	
a.	Avling i kg pr. dekar Yield in kg per decare										
1960—64	255	255	257	249	257	2 063	4 535	4 706	618	383	278
1959	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243
1961	283	304	278	280	281	2 293	4 829	5 551	617	374	287
1962	208	222	209	202	202	1 825	4 173	3 767	609	375	257
1963	255	230	258	257	267	2 358	5 370	4 860	611	383	282
1964	279	263	264	241	259	1 641	3 402	4 243	619	386	275
b.	Avling i prosent av middelsåret Percentage of mean annual yield										
1960—64	93	94	94	92	95	88	89	93	100	98	96
1959	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87
1961	105	111	103	105	104	98	95	107	101	99	101
1962	75	80	75	72	73	77	83	75	98	94	88
1963	94	87	96	95	99	100	104	96	98	96	97
1964	93	96	94	85	93	69	68	83	99	95	93
c.	Utrekna middelsårsavling i kg pr. dekar Calculated mean annual yield in kg per decare										
1959	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278
1961	269	275	271	268	270	2 348	5 085	5 190	610	377	285
1962	279	279	277	279	277	2 360	5 054	5 045	621	399	291
1963	272	264	269	271	269	2 353	5 156	5 055	624	397	289
1964	301	274	283	283	281	2 373	4 997	5 129	628	405	297

Tabell 12. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i dei

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
Samla avling i tonn <i>Produc- tion. Tons</i>								
Kveite .....	2 344	1 638	3 725	1 625	868	641	496	33
Rug .....	371	126	216	459	32	411	46	—
Bygg .....	84 183	61 792	73 048	57 816	35 520	55 812	10 457	2 303
Havre .....	19 279	31 507	28 145	5 042	8 615	11 949	5 076	420
Blandkorn og erter .....	433	638	163	463	324	328	5	5
Korn og erter i alt .....	106 610	95 701	105 297	65 405	45 359	69 141	16 080	2 761
Poteter .....	64 426	60 446	114 195	101 425	36 224	73 575	30 507	20 930
Fôrnepe .....	2 095	3 763	18 467	11 614	2 973	3 026	1 486	1 070
Kålrot .....	58 871	55 727	41 666	16 983	24 645	42 445	12 945	6 679
Fôrbete .....	1 921	234	1 152	1 608	1 513	1 631	682	1 443
Fôrmergkål .....	15 292	21 250	14 436	11 150	6 617	9 861	2 012	671
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	78 179	80 974	75 721	41 355	35 748	56 963	17 125	9 863
Høy frå fulldyrka eng ....	109 053	115 657	177 778	221 277	93 675	47 865	69 019	40 856
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	767	1 173	3 455	14 202	8 806	553	3 676	654
Høy i alt .....	109 820	116 830	181 233	235 479	102 481	48 418	72 695	41 510
Grønfør (tørt) .....	479	619	7 476	9 207	2 088	278	836	1 031
Halm .....	125 114	110 283	110 085	77 666	58 889	67 994	17 221	3 372
Samla avling i 1000 f.e. <i>Production. 1000 f.u.</i>								
Kveite .....	2 344	1 638	3 725	1 625	868	641	496	33
Rug .....	371	126	216	459	32	411	46	—
Bygg .....	84 183	61 792	73 048	57 816	35 520	55 812	10 457	2 303
Havre .....	16 066	26 256	23 454	4 202	7 179	9 958	4 230	350
Blandkorn og erter .....	394	579	148	421	295	298	5	4
Korn og erter i alt .....	103 358	90 391	100 591	64 523	43 894	67 120	15 234	2 690
Poteter .....	14 317	13 433	25 377	22 539	8 050	16 350	6 779	4 651
Fôrnepe .....	175	314	1 539	968	248	252	124	89
Kålrot .....	6 541	6 192	4 630	1 887	2 738	4 716	1 438	742
Fôrbete .....	213	26	128	179	168	181	76	160
Fôrmergkål .....	1 699	2 361	1 604	1 239	735	1 096	224	75
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	8 628	8 893	7 901	4 273	3 889	6 245	1 862	1 066
Høy frå fulldyrka eng ....	43 621	46 263	71 111	88 511	37 470	19 146	27 608	16 342
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	307	469	1 382	5 681	3 522	221	1 470	262
Høy i alt .....	43 928	46 732	72 493	94 192	40 992	19 367	29 078	16 604
Grønfør (tørt) .....	192	248	2 990	3 683	835	111	334	412
Halm .....	30 516	26 898	26 850	18 943	14 363	16 584	4 200	822
I alt .....	200 939	186 595	236 202	208 153	112 023	125 777	57 487	26 245

<sup>1</sup> Translation, see table 9.

einskilde fylke 1964. *Agricultural crops<sup>1</sup> by counties. 1964.*

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	I alt
66	1 027	—	2	254	1 216	6 216	—	—	—	20 151
16	32	—	—	2	97	71	—	—	—	1 879
1 476	9 663	224	437	4 917	25 602	55 414	1 386	5	—	480 055
300	6 218	18	30	461	4 151	4 181	118	—	—	125 510
—	12	—	—	—	79	12	—	—	—	2 462
1 858	16 952	242	469	5 634	31 145	65 894	1 504	5	—	630 057
15 044	62 892	11 624	17 474	24 592	38 969	75 179	32 155	21 336	2 576	803 569
829	14 856	751	3 283	9 518	22 891	31 373	2 901	616	278	131 790
3 007	22 857	2 979	2 658	3 765	5 110	15 510	807	829	—	317 483
1 134	11 651	78	78	36	70	196	8	—	—	23 435
3 803	34 323	1 849	1 935	1 445	5 699	4 458	974	—	—	135 775
8 773	83 687	5 657	7 954	14 764	33 770	51 537	4 690	1 445	278	608 483
63 625	178 528	150 752	159 594	232 817	242 155	190 940	274 663	168 996	51 241	2 588 491
3 021	5 779	29 586	36 998	14 310	2 501	1 713	30 148	19 946	11 358	188 646
66 646	184 307	180 338	196 592	247 127	244 656	192 653	304 811	188 942	62 599	2 777 137
2 261	5 520	1 841	1 917	5 360	4 034	2 025	5 692	2 877	487	54 028
2 827	19 855	280	807	8 769	37 627	64 680	2 213	9	—	707 691
66	1 027	—	2	254	1 216	6 216	—	—	—	20 151
16	32	—	—	2	97	71	—	—	—	1 879
1 476	9 663	224	437	4 917	25 602	55 414	1 386	5	—	480 055
250	5 182	15	25	384	3 459	3 484	98	—	—	104 592
—	11	—	—	—	72	11	—	—	—	2 238
1 808	15 915	239	464	5 557	30 446	65 196	1 484	5	—	608 915
3 343	13 976	2 583	3 883	5 465	8 660	16 706	7 146	4 741	572	178 571
69	1 238	63	274	793	1 908	2 614	242	51	23	10 984
334	2 540	331	295	418	568	1 723	90	92	—	35 275
126	1 295	9	9	4	8	22	1	—	—	2 605
423	3 814	205	215	161	633	495	108	—	—	15 087
952	8 887	608	793	1 376	3 117	4 854	441	143	23	63 951
25 450	71 411	60 301	63 838	93 127	96 862	76 376	109 865	67 598	20 496	1 035 396
1 208	2 312	11 834	14 799	5 724	1 000	685	12 059	7 978	4 543	75 456
26 658	73 723	72 135	78 637	98 851	97 862	77 061	121 924	75 576	25 039	1 110 852
904	2 208	736	767	2 144	1 614	810	2 277	1 151	195	21 611
690	4 843	68	197	2 139	9 177	15 776	540	2	—	172 608
34 355	119 552	76 369	84 741	115 532	150 876	180 403	133 812	81 618	25 829	2 156 508

Tabell 12 (framh.). Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i dei

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
Prosent F.e. i alt = 100 <i>Percentages of total crop</i>								
Kveite .....	1,1	0,9	1,6	0,8	0,8	0,5	0,8	0,1
Rug .....	0,2	0,1	0,1	0,2	—	0,3	0,1	—
Bygg .....	41,9	33,1	30,9	27,8	31,7	44,4	18,2	8,8
Havre .....	8,0	14,1	9,9	2,0	6,4	7,9	7,4	1,3
Korn og erter i alt.....	51,4	48,5	42,6	31,0	39,2	53,3	26,5	10,2
Poteter .....	7,1	7,2	10,7	10,8	7,2	13,0	11,8	17,7
Førnepe .....	0,1	0,2	0,6	0,5	0,2	0,2	0,2	0,4
Kålrot .....	3,3	3,3	1,9	0,9	2,4	3,8	2,5	2,8
Førbete .....	0,1	—	0,1	0,1	0,2	0,1	0,1	0,6
Førmergkål .....	0,8	1,3	0,7	0,6	0,7	0,9	0,4	0,3
Rotvokstrar og førmergkål i alt .....	4,3	4,8	3,3	2,1	3,5	5,0	3,2	4,1
Høy frå fulldyrka eng ....	21,7	24,8	30,1	42,5	33,5	15,2	48,0	62,3
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	0,2	0,2	0,6	2,7	3,1	0,2	2,6	1,0
Høy i alt.....	21,9	25,0	30,7	45,2	36,6	15,4	50,6	63,3
Grønfôr (tørt).....	0,1	0,1	1,3	1,8	0,7	0,1	0,6	1,6
Halm .....	15,2	14,4	11,4	9,1	12,8	13,2	7,3	3,1
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Avling i kg pr. dekar <i>Yield per decare. kg</i>								
Kveite .....	264	251	287	346	270	243	205	270
Rug .....	286	250	287	275	225	243	260	..
Bygg .....	277	259	261	255	272	297	269	273
Havre .....	235	237	228	269	240	267	244	286
Korn og erter i alt .....	268	252	252	257	265	291	258	275
Poteter .....	2 165	1 983	1 859	1 727	1 955	2 210	1 911	1 923
Førnepe .....	4 750	6 567	4 221	4 713	5 475	4 880	5 233	4 888
Kålrot .....	5 116	4 792	4 570	4 318	5 014	5 506	4 188	3 936
Førbete .....	5 263	4 500	4 500	4 300	3 233	3 500	3 625	3 257
Førmergkål .....	5 273	5 329	4 658	5 410	5 380	5 479	4 825	5 370
Rotvokstrar og førmergkål i alt .....	5 139	4 985	4 494	4 682	4 996	5 376	4 303	3 971
Høy frå fulldyrka eng ....	597	568	567	619	584	600	529	504
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	250	250	284	356	341	433	328	234
Høy i alt.....	592	561	557	592	550	598	513	495
Grønfôr (tørt).....	567	500	584	579	565	500	378	452
Halm .....	315	290	264	305	344	286	276	336

einskilde fylke. 1964. *Agricultural crops by counties. 1964.*

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	I alt
0,2	0,9	—	—	0,2	0,8	3,5	—	—	—	0,9
0,1	—	—	—	—	0,1	—	—	—	—	0,1
4,3	8,1	0,3	0,5	4,3	17,0	30,7	1,0	—	—	22,3
0,7	4,3	—	—	0,3	2,3	1,9	0,1	—	—	4,8
5,3	13,3	0,3	0,5	4,8	20,2	36,1	1,1	—	—	28,2
9,7	11,7	3,4	4,6	4,7	5,7	9,3	5,3	5,8	2,2	8,3
0,2	1,0	0,1	0,3	0,7	1,3	1,4	0,2	0,1	0,1	0,5
1,0	2,1	0,4	0,4	0,4	0,4	1,0	0,1	0,1	—	1,7
0,4	1,1	—	—	—	—	—	—	—	—	0,1
1,2	3,2	0,3	0,3	0,1	0,4	0,3	0,1	—	—	0,7
2,8	7,4	0,8	1,0	1,2	2,1	2,7	0,4	0,2	0,1	3,0
74,1	59,7	79,0	75,3	80,6	64,2	42,3	82,1	82,8	79,3	48,0
3,5	2,0	15,5	17,5	5,0	0,7	0,4	9,0	9,8	17,6	3,5
77,6	61,7	94,5	92,8	85,6	64,9	42,7	91,1	92,6	96,9	51,5
